



ÅRSMELDING

KVITSEID KOMMUNE

2016

Innhald

1	Innleiing.....	3
1.1.	Rådmannen si innleiing.....	3
2	Samfunnsutvikling.....	4
2.1	Rapport handlingsprogram.....	4
2.2	Utviklingstrekk.....	4
2.3	Samfunnstryggleik og beredskap.....	5
3	Økonomi.....	6
3.1	Det økonomiske resultatet.....	6
3.2	Driftsresultat.....	6
3.2	Inntektsutvikling – overordna.....	7
3.3	Kraftinntekter.....	7
3.4	Utgifter – overordna.....	8
3.5	Likviditet.....	9
3.6	Verksemda.....	11
3.7	Investeringar.....	13
3.8	Kviteseid samanlikna med resten av landet.....	14
4	Organisasjon - medarbeidarar.....	15
4.1	Rapport handlingsplan 2016.....	15
4.2	Tilsette.....	16
4.3	Personalpolitikk.....	17
4.4	HMS.....	17
4.5	Likestilling.....	18
4.6	Intern kontroll og etikk.....	18
5	Sektorovergripande tenester.....	19
5.1	Rapport handlingsplan.....	19
5.2	Rådmann og Fellestenester.....	19
6	Helse og omsorg.....	20
6.1	Sektorleiing:.....	20
6.2	Kviteseid omsorgssenter(KOS).....	21
6.3	Heimetenestene.....	22
6.4	Kjøken.....	24
6.5	Eining for funksjonshemma.....	25
6.6	Eining for helse.....	26
7	Skule og barnehage.....	31
7.1	Status og utfordringar i skule og barnehage.....	31
7.2	Kvalitetsarbeid i barnehage.....	32
7.3	Overgang barnehage – skule.....	32
7.4	Kvalitetsarbeid i skule.....	33
7.5	Kompetanseutvikling.....	33
7.6	Læringsresultat.....	34
7.7	Læringsmiljø / Elevundersøkinga.....	35
7.8	Kulturskulen.....	35
7.9	Vaksenopplæring.....	35
7.10	Felles handlingsplan:.....	36
8	Samfunnsutvikling og teknisk drift.....	37
8.1	Nærings- og lokalsamfunnsutvikling.....	37
8.2	Landbrukskontoret.....	38
8.3	Teknisk drift og VAR.....	40
8.4	Nøkkeltal for teknisk drift.....	41
9.	NAV.....	42
10.	Interkommunalt samarbeid.....	43
10.1	Barnevernstenesta.....	43
10.2	Samhandlingskoordinatoren i Vest-Telemark.....	45
10.3	Plankontoret.....	46

1 Innleiing

1.1. Rådmannen si innleiing

Årsmeldinga er ein del av årsrekneskapen, og ho er skriva til kommunestyret for å gjeva eit samla oversyn over det kommunale tenestetilbodet i året som har gått. Dokumentet er omfattande, men det same kan ein seie om dei kommunale tenestene. Årsmeldinga er derfor laga ikkje bare som ei melding om året som har gått, men som ei oversikt over utviklinga og som ei rettesnor i høve til prioriteringar som skal gjerast i åra som kjem.

Rekneskapen for 2016 er avslutta med eit resultat som er betydeleg betre enn budsjettert. Rekneskapen viser eit mindreforbruk (overskot) på 3.6 mill. Dette er sjølvstøtt positivt, men det visar og at det er utfordrande å budsjettere.

Målet om 2,4 % netto driftsresultat er nådd. Netto driftsresultat er positivt med 6.809.582,-. Dette utgjør 2,74%.

Dei frie fondsmidlane våre er no på eit nivå som gjer oss mindre sårbare for uventa kostnadsauke.

Budsjettarbeidet har vore krevjande. I samband med gjennomgang av budsjettet vart det spart inn fleir stillingar. Det har vore gjennomført stillingsstopp for administrative stillingar. I tillegg har det vore stort fokus på innsparing i budsjettet for 2016. Positivt opp i dette er at pleie- og omsorgstenesta har greidd å ta imot alle utskrivingsklare pasientar frå sjukehusa. Det står respekt av denne innsatsen.

Kviteseid kommune har i løpet av 2016 tatt i mot 12 flyktningar. Det har gått greit å finne bustad til dei som har kome. Vi leiger vaksenopplæringsplassar i Seljord, og dette fungerer godt.

I løpet av 2016 har kommunen fått på plass tilsette i alle leiande stillingar. Dette gir meir tenesteproduksjon, og betre styring av ressursane. Infrastruktur og utstyr innanfor IKT er forbetra i løpet av året, men det står att mykje arbeid og store investeringar.

I desember flytta barnevernstenesta frå sentrum til Kviteseid Vekst As sine lokale ved legesenteret. Dei nye lokala er tilpassa dei behov tenesta har. Det er lagt til rette med tenelege møterom både for administrative oppgåver, men og for samtalar med born og familiar.

2016 har vore nok eit år med fokus på kommunereform. Det har vorte jobba mykje og godt med planar om samanslåing av kommunar og/eller meir forpliktande interkommunalt samarbeid. Framleis har det ikkje kome konkrete resultat, og samanslåingsspørsmålet er lagt til sides. Administrativt ser eg likevel at det er mange område der vi kan bli betre dersom vi kan samarbeide litt meir, og gjerne bli litt større.

Årsmeldinga viser litt av breidda i det arbeidet som vert utført i løpet av eit år. Alle innbyggjarane i kommunen er påverka av det arbeidet som skjer i kommunen, og det er difor med glede eg legg fram årsmeldinga, og seier: God lesing.

Øystein Tveit
Rådmann

2 Samfunnsutvikling

2.1 Rapport handlingsprogram

Handlingsprogrammet er oppbygde av handlingsplanar for einingane og ein overordna handlingsplan som er felles for alle.

Det overordna målet for utviklinga av Kviteseid kommune går fram av samfunnsdelen til kommuneplanen frå 1995:

Mål: Kviteseid kommune skal ved målretta satsing vera eit livskraftig bygdesamfunn

Gode kommunale tenester blir frå mange hald teke fram som ein viktig attraksjonsfaktor. Resultat frå ulike analyser av vår tenesteproduksjon syner at me absolutt har eit omfang og ein kvalitet på dei kommunale tenestene som gjev grunnlag for at me skal vera eit livskraftig bygdesamfunn. Som tidlegare år er administrasjonen oppteken av å nytte objektive kriterium som utgangspunkt for dei prioriteringar og utviklingstiltak som vert sett i verk. Det gjev grunnlag for den målretta satsinga som vert dregen fram i dette målet.

Tiltak i handlingsplanen	Resultat
<i>Utarbeidde planar i tråd med vedteken planstrategi.</i>	<i>Mykje er gjort, men det viktigaste manglar. Samfunnsdelen av kommuneplanen er ikkje klar.</i>
<i>Rullere arealdelen til kommuneplanen.</i>	<i>Dette må gjerast saman med rullering av samfunnsdelen.</i>

2.2 Utviklingstrekk

Folketalsutvikling

I handlingsprogrammet for 2016 vart det fokusert på konsekvensane av den negative folketalsutviklinga i Kviteseid. Resultatet for 2016 viser diverre også i 2016 ein nedgang.

Kommune	01.jan 2016	Fødde	Døydd e	Netto	Inn-flytting	Ut-flytting	Netto innflytt	Folkev ekst	01.jan 2017
Seljord	2 991	31	45	-14	134	132	2	-12	2 979
Kviteseid	2 448	21	31	-10	140	136	4	-6	2 442
Nissedal	1 443	25	15	10	73	51	22	33	1 476
Fyresdal	1 323	5	9	-4	74	72	2	-4	1 319
Tokke	2 246	18	34	-16	98	101	-3	-18	2 228
Vinje	3 727	42	46	-4	148	144	4	-1	3726
V-Telemark	14 178	142	180	-38	667	636	31	-8	14170

Tabell: Folketalsendring i kommunane i Vest-Telemark i 2016

Som det går fram av tabellen så har me hatt ein reduksjon i folketalet. Me har framleis ein skeiv alderssamansetnad med stor del av eldre som gjer det utfordrande å skape vekst. Skal me oppnå kommunestyret sitt mål om auka folketal i åra frametter, må dette koma gjennom tilflytting til kommunen.

2.3 Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunen har i 2016 delteke på 4 varslingsøvingar og øvingar i bruk av CIM (IKT-system for krisehandtering).

Alle tilsette i brannvernet har tatt eller tek grunnutdanning for brannmannskap. Vi ser på dette som ei stor styrking av beredskapen i kommunen.

Mål: *Utvikle ein robust kommuneorganisasjon som er godt i stand til å møte utføresette hendingar av ulike slag.*

Tiltak	Resultatindikator
Opplæring i Cim	Med stor utskifting i eining for samfunnsutvikling og teknisk drift, har vi ikkje kome langt nok.
Større beredskapsøving	Kun gjennomført mindre øvingar



Brannbilen i Kviteseid har mykje naudsynt redningsutstyr. (Foto: Braco)

3 Økonomi

3.1 Det økonomiske resultatet

Kviteseid kommune sin rekneskap for 2016 viser eit meirforbruk i investeringsrekneskapen på 0,163 mill. Driftsrekneskapet viser eit mindreforbruk (overskot) på 3.667 mill.


1.000.000 KR	REKNESKAP 2016	REVIDERT BUDSJETT 2016	OPPHAVELEG BUDSJETT 2016	AVVIK
Generelle inntekter (1)	-159,9	-157,8	-155,8	-2,1
Netto finansinntekter/-utgifter (2)	3,9	3,9	3,9	0
Avsetningar + overført inv. rekn. (3)	3,5	3,5	1,3	2,2
Disponibelt for drift (1) + (2) + (3)	-152,5	-150,4	-150,6	-1,9
Driftsutgifter (netto) i einingane	148,9	150,4	150,6	-1,7
Overskot (-) Underskot (+)	-3,6	0,0	0	-3,6

Tabell 3: Økonomiske nøkkeltal

Mindreforbruket på 3,6 mill. skuldast i hovudsak høgare skatteinngang både lokalt men også nasjonalt. Rammetilskot er litt redusert i forhold til budsjettet, men sum skatter og rammetilskot utgjer ca. 1,8 mill. meir enn budsjettet og i tillegg har vi ca. 1,5 mill. i sparte driftskostnader på ulike einingar (sjå avsnitt 3.6 med forklaringar). Resten av mindreforbruket skyldast auka rentetilskot på investeringar. Mindreforbruket er overført til «ikkje disponera del av driftsresultatet». Det vert foreslege å avsette kr 0,181 mill. til det frie næringsfondet mens resten av mindreforbruket kr 3,486 mill. til disposisjonsfond. Rådmannen ønskjer å synleggjera at arbeidet med integrering av flyktningar i 2016 økonomisk går med eit mindreforbruk p.g.a. av at statstilskotet pr. busett flyktning er betalt ut for heile året. Rådmannen foreslår difor å avsetje kr 815 210 av 3,486 mill. på eigen disposisjonsfondskonto.

3.2 Driftsresultat

I ein berekraftig kommuneøkonomi bør ein over tid ta sikte mot eit netto driftsresultat på 2,7 %. Figuren nedanfor viser utviklinga frå 2006 til 2016. Som ein kan sjå er det ei betring dei siste 3 år.



Netto driftsresultat i 2016 er på 6,810 mill. Dette utgjør ca. 2,75 % av brutto driftsinntekter og viser en jevn økning fra 2014.

Framleis er det ein negativ folketalsutvikling i Kviteseid i 2016. Som nemnd tidlegare år vil dette på sikt medføre ein reduksjon i frie inntekter. Det er difor vi også i gode år må halde fokus på kostnadsreduksjon. Også for 2017 er det vedteke eit stramt budsjett som skal følgjast opp også framover i økonomiplanperioden. Dette vil etter vårt syn, med alt anna likt, etter kvart føre til meir handlefridom.


3.2 Inntektsutvikling – overordna

Det overordna formålet med inntektssystemet er å gjere det mogleg for kommunane å gjeva eit likeverdig tenestetilbod til sine innbyggjarar. For å oppnå dette målet vert det ved fordelinga av rammetilskot teke omsyn til strukturelle ulikskapar mellom kommunane (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning). Rammetilskotet utgjør saman med skatteinntektene dei frie inntektene som kommunane kan disponere fritt innanfor gjeldande lover og forskrifter.

Sjølv om vi har sett ein nominell økning av kommunen sine frie inntekter dei siste åra, så tyder ikkje det at handlefridomen til kommunen har forbetra seg. Fleire øyremerkte tilskot er nå innlemma i dei frie inntektene. Pålagte oppgåver som var knytt til desse tilskota bind på denne måten delar av dei såkalla frie inntektene.


3.3 Kraftinntekter

Kviteseid kommune er ikkje ein kraftkommune i det omfanget som ein del av dei andre kommunane i regionen er. Men samstundes er det viktig å understreke at «kraftinntekter» er ein del av vårt inntektsgrunnlag



3.4 Utgifter – overordna


Figuren nedanfor syner inntekter og utgifter samanstilt dei siste 6 åra. Det har vore ein periode med sterk vekst i utgifter. Frå 2014 ser ein ei endring i forholdet mellom utgifter og inntekter. Som nemnd tidligare er auka skatteinntekter hovudårsaken i inntektsveksten i 2016.



Figur 7: Samla inntekter og utgifter

3.5 Likviditet

Likviditeten fortel noko om kommunane sin evne til å svare for sine økonomiske plikter. Det er ikkje noko mål i seg sjølv å ha så god likviditet som mogleg, men å ha tilstrekkeleg likviditet til å fange opp løpande differanse mellom utbetalingar og innbetalingar. Likviditetsgrad 1 er eit nøkkeltal som består av omløpsmidlar delt på kortsiktig gjeld. Talet bør vera større enn 2. Ser ein på utviklinga dei siste åra, så viser det seg at likviditeten har vore meir pressa med en liten forbetring i 2015 og 2016.



Figur: Likviditetsgrad 1 for åra 2010 til 2016

Kommunen har ved utgangen av 2016 ei langsiktig ordinær lånegjeld på kr. 109,429 millionar kroner. Dette inkluderer også startlån frå Husbanken som er tenkt til utlån til innbyggjarane. Pr slutten av året er det lånt ut ca. 7,3 mill. i form av startlån og sosiallån. Ubrukte lånemidlar er på kr 456`. I tillegg er det eit utlån på 28,5 mill. til Vest-Telemark kraftlag som påverkar nøkkeltal «netto lånegjeld pr. innbyggjar». Dette inneber at Kviteseid kommune pr 31.12.2016 har ei langsiktig lånegjeld (eksklusive formidlingslån) tilsvarande kr 41.301 pr. innbyggjar, mens «netto lånegjeld pr. innbyggjar» er på 29.960,-.

Ein kan grovt seie at den langsiktige lånegjelda til kommunesektoren kan delast inn i 2 kategoriar (sjå tabellen under). Me har ordinære lån som vert nytta til å finansiere investeringane til kommunen. Desse utgjer ca kr. 100,8 millionar kroner pr. 31.12. Den andre kategorien er startlån frå Husbanken, som etter bestemte vilkår blir lånt vidare ut til innbyggjarane. Avdrags- og renteutgiftene me betaler til Husbanken skal i prinsippet vere lik avdrag og renter som me mottar frå lånetakarane. Pensjonspliktar er pliktar som Kviteseid kommune har ovanfor KLP og SPK i forhold til berekna framtidig pensjonsutbetaling. Desse pliktene er delvis dekt av pensjonsmidlar som også kjem fram i balanserekneskapet under anleggsmidlar.

	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016
Pensjonsplikter (note nr. 2)	249 278	269 184	283 588	296 436	308 047
Andre lån	113 352	112 206	109 820	111 546	109 429
Langsiktig gjeld	362 630	381 390	393 408	407 982	417 476

Tabell: Samansetning av den langsiktige lånegjelda pr. 31.12.2016

Fond

Kommunane sine fond vert delt i fire hovudgrupper.


1. Disposisjonsfond som kan nyttast til alle føremål.
2. Bundne driftsfond som berre kan brukast til øyremerkte føremål på driftssida.
3. Ubundne investeringsfond som kan nyttast fritt, men berre til investeringar.
4. Bundne investeringsfond som berre kan brukast til bestemte investeringar.

Tabellen nedanfor viser utviklinga av fonda våre dei siste åra. Bete rekneskapsresultat dei siste tre åra kjem nå også til utrykk i auka fondsmidlar og då særleg på disposisjonsfond. Den totale fondsbeholdninga auka frå 2015 til 2016, derav disposisjonsfondet med 3,86 mill. kr. Delar av disposisjonsfondet er bunde opp i tidlegare budsjettvedtak.

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Disposisjonsfond	11 554	12 496	9 855	5 139	8 405	12 271
Bundne driftsfond	9 874	7 672	6 636	8 550	8 218	8 984
Ubundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Bundne investeringsfond	471	120	164	138	105	442
Sum fond	21 899	20 288	16 655	13 827	16 728	21697

Tabell: Utvikling av fond

Figuren under viser utvikling av fond fordelt på bundne og ubundne. Som en merknad kan føyast til at midlar i disposisjonsfonda vil auke med 3,5 mill. viss rådmannen sitt forslag om disponering av driftsresultat frå 2016 blir fylgt opp (sjå under kap. 3.1).



3.6 Verksemda

REKNESKAPSSKJEMA 1B 2016						
	Rekneskap 2016	Revidert budsjett 2016	Opphavelg budsjett 2016	Rekneskap 2015	Avvik rekneskap mot budsjett	
	Fordeling av driftsutgifter (1 000 kr)					
Nr.	Fordeling av driftsutgifter frå 1A	-152 522	-150 338	-150 578	-149 606	
	Motpost avskrivningar	-8 903	-8 903	-8 731	-8 809	0
11	<u>Politisk verksemd:</u>					
	Netto ramme	2 703	2 970	5 549	2 750	-266
12	<u>Rådmannen: (Budsjettansvarleg Øystein Tveit)</u>					
	Netto ramme	4 229	5 199	5 707	3 042	-969
13	<u>Fellestene: (Budsjettansvarleg Lothar Edel)</u>					
	Netto ramme	9 025	9 891	7 224	8 633	-866
36	<u>NAV: (Budsjettansvarleg Bjørn Johansson)</u>					
	Netto ramme	5 487	5 267	5 380	5 611	220
27	<u>Barnevern (Budsjettansvarleg Gunn Annie Hellestad)</u>					
	Netto ramme	4 888	4 473	4 006	3 452	415
25	<u>Administrasjon Helse og omsorg: (Budsjettansvarleg Olav Kaasa)</u>					
	Netto ramme	1 759	1 712	1 283	1 234	47
28	<u>Kviteseid omsorgssenter (KOS): Budsjettansvarleg Une Marit Tangen)</u>					
	Netto ramme	20 640	20 412	20 761	20 197	228
29	<u>Heimetenestene: (Budsjettansvarleg Elisabeth Riis)</u>					
	Netto ramme	13 680	13 665	14 948	13 647	15
30	<u>Kjøkken: (Budsjettansvarleg Kristian Versto)</u>					
	Netto ramme	284	138	244	514	146
31	<u>Funksjonshemma: (Budsjettansvarleg Pauline Nordbø)</u>					
	Netto ramme	16 098	16 585	16 353	14 808	-487
26	<u>Helse: (Budsjettansvarleg Hanne Norgaard)</u>					
	Netto ramme	12 709	12 918	12 903	12 411	-209
14	<u>Annan undervisning: (Budsjettansvarleg Sigrun Kvamme)</u>					
	Netto ramme	4 921	5 270	5 089	5 532	-349
15	<u>Kviteseid skule: (Budsjettansvarleg Odd Arne Torbjørnsen)</u>					
	Netto ramme	21 098	20 860	19 358	20 107	237
19	<u>Straumsnes oppvekstsenter, Vrådal: (Budsjettansvarleg Birger Skipar)</u>					
	Netto ramme	4 730	4 918	5 020	5 218	-188
21	<u>Kviteseid barnehage: (Budsjettansvarleg Eva Lundeberg)</u>					
	Netto ramme	5 207	5 488	5 465	5 207	-281
20	<u>Brunkeberg oppvekstsenter (Budsjettansvarleg Hilde Berntsen)</u>					
	Netto ramme	6 580	6 608	7 105	6 968	-28
34	<u>Samfunnsutvikling og teknisk drift: (Budsjettansvarleg Olav Kjetil Greivstad)</u>					
	Netto ramme	25 771	24 374	23 047	24 000	1 397
37	<u>VAR: (Budsjettansvarleg Olav Kjetil Greivstad)</u>					
	Netto ramme	-2 050	-1 505	-1 534	-931	-545
	SUM UTGIFTER I DRIFT	239 507	231 283	229 433	234 297	8 224
	SUM INNTEKTER I DRIFT	-90 262	-79 308	-79 963	-90 783	-10 954
	SUM NETTO UTGIFTER I DRIFT	149 245	151 975	149 470	143 514	-2 730
	Avskrivningar	8 903	8 903	8 731	8 809	0
	Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	-389	-1 636	-295	77	1 247
	Netto ramme	157 759	159 242	157 906	152 399	-1 483
	SEKTORFORDELT NETTO RAMME:					
	SEKTOROVERGRIPANDE	26 333	27 800	27 866	23 488	-1 467
	SEKTOR HELSE OG OMSORG	65 169	65 429	66 491	62 810	-260
	SEKTOR SKULE OG BARNEHAGE	42 536	43 144	42 037	43 032	-608
	SEKTOR SERVICE OG UTVIKLING	23 721	22 869	21 514	23 069	852
	NETTO RAMME	157 759	159 242	157 907	152 399	-1 483

Sektorovergripande einingar

Politisk verksemd

Mindreforbruket på vel 260' grunna et statstilskot til folkeavstemming og budsjettert utgiftspost som er skuva ut til 2017.

Rådmannen

Mindreforbruk på kr 969'. Det er særlig ansvaret for flyktningarbeid som er rimeligare enn budsjettert (vanskelig å budsjettere pga at vi som oftast ikkje kjenner til når og kor mange flyktingar som blir overført til oss). Vi viser også til kapitel 3.1. forslag til disponering av mindreforbruket. I tillegg så var bidraget til plankontoret i Nissedal mye lågare enn budsjettert pga større gebyrinntekter.

Økonomi og fellesteneste

Mindre pensjonskostnader i særlig KLP fører til et mindreforbruk på kr 865'.

Barnevern

Barnevern i Kviteseid har et meirforbruk på ca 400' som skuldast dyre enkelttiltak som kom inn mot slutten av året.

NAV

Meirforbruk på rundt kr 220' skuldast større kostnader med post sosial stønad, avlastning og omsorgsløn.

Helse og omsorg

Helseadministrasjon

Ingen avvik

KOS

Meirutgifter på ca 228' mest pga medisin og medisinske forbruksvarer.

Heimetenestene

Ingen avvik

Kjøkken

Meirforbruk på kaup av matvarer, utsalsprisen for sal av mat må evt. aukast.

Eining for funksjonshemma

Mindreforbruk på nesten 500' skuldast i hovudsak bruk av rimeligare vikarar ved sjukdom og ferie.

Helse

Mindreforbruk på ca 210' skuldast meirinntekter på legekantoret.

Skule og barnehage

Anna undervisning

Mindreforbruk på nesten 250' skuldast mindre bruk av logoped pga vi ikkje har fast tilsett logoped.

Kviteseid skule inkl. SFO

P.g.a. ekstra ressursar til krevjande elevar meirforbruk på 237'.

Straumsnes oppvekstsenter

Mindreforbruk på ca. 188' pga sparte utgifter ved leie av vikarar og skuleskys.

Brunkeberg oppvekstsenter.

Ingen avvik

Kviteseid barnehage

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr 280' som skuldast i hovudsak sparte utgifter ved leige av vikarar.

Samfunnsutvikling og teknisk drift inkl. VAR (vatn, avløp og renovasjon)

Eininga har ansvar for to budsjettområde – sjølvkostområdet VAR og Samfunnsutvikling og teknisk drift.

VAR viser eit mindreforbruk på 545' Her viser vi også til note sjølvkostrekneskap i rekneskapet. Hovudårsaka er bruk av fond på vatnområdet og meirinntekter tilknytingsgebyrer vatn og avløp (ca. 250').

Samfunnsutvikling og teknisk drift viser eit stort negativt avvik på nesten kr 1,4 mill. Nesten 1,3 mill. er grunna i store vedlikehaldsutgifter på kommunal vegar, delvis p.g.a. utbetring av flomskade og meirkostnader med strøing. Også driftsutgifter på traktor er høgare enn budsjettet. I tillegg er overtidskostnader på ansvar Kviteseid brannvesen ca. kr 200' høgare enn budsjettet.

3.7 Investeringar

Investeringsplanen for prosjekt var om lag 8,95 mill. kr i revidert budsjett. Rekneskapen syner eit forbruk på snautt 9 mill.

Prosj nr	Investeringsprosjekt	oppb. Budsjett 2016	rev. Budsjett 2016	Rekneskap 2016
	A UTGIFTER			
303	8 omsorgsbustader	25 000	2 000	2 180
527	Vrådal sentrum	50	0	0
557	Skilting kommunale vegar	450	0	0
559	Asfaltering Midtsundåsen	375	0	0
218	Uteområde Kviteseid barnehage	1 000	1 540	1 555
317	Signalanlegg, pasientar KOS			
321	Markiser KOS	350	183	183
994	Ny gjestebrygge, Kviteseid	2 917	3 032	3 032
303	Tomtekjøp tilrettelegging leiligheter	1 000	0	0
565	Brannstasjon, lagerplass mv	150	160	192
035	Tursti Dalåi/Kviteseid i framtida		454	454
569	Kviteseid vekst heis		200	230
121	Agresso oppdatering til Milestone, inkl nye servere Vinje		500	362
993	Saneringsplan, Vrådal	4 000	130	97
567	Ny Vassledning Vrådal - Strumsnes	600	750	745
568	Ny vassledning Torsdalen-Granlivegen	1 000	0	0
563	Ny sjøledning Kviteseid sentrum	1 071	0	0
	SUM INVESTERINGSPLAN	37 963	8 949	9 030

Tabell 8: Investeringsrekneskap pr prosjekt

3.8 Kviteeid samanlikna med resten av landet

KOSTRA-materialet er omfattande, med fleire detaljnivå. I dette avsnittet blir det presentert nokre økonomisk nøkkeltal som er nyttige for å vurdere vår verksemd samanlikna med andre kommunar. Me har vald å samanlikne oss med regionen, fylket og resten av landet utanom Oslo. Tabellen under visar ureviderte tal for 2016 (pr. 15.03.17). Linken under viser til oppdaterte kostratal:

<https://www.ssb.no/a/kostra/stt/velg.cgi?f=101412719454480>

Me har framleis eit utgiftsnivå over landsgjennomsnitt men under gjennomsnitt for regionen på dei fleste område med unntak av utgifter til barnevern. Når det gjeld inntektsnivå ser ein at me har høgare frie inntekter pr. innbyggjar enn landet og Telemark. Netto driftsresultat i % er lågare enn i dei tre andre gruppene, men er en del betre enn dei siste åra. Netto lånegjeld pr. innbyggjar er betydeleg lågare enn i dei andre gruppene. Det har vore lite investeringar i Kviteeid dei siste åra.

I denne oversikten tok vi også med samanlikningar av netto driftsutgifter frå ulike kommunale område også her ligg Kviteeid gunstig i forhold til Vest-Telemark gjennomsnitt (unnateke kostnader for barnevern).

	KVITSEID	VEST-TELEMARK	TELEMARK	LANDET UTENOM OSLO
Netto driftsresultat i % av brutto dr.inntekter	2,7	4,0	3,7	4,0
Netto lånegjeld i kroner pr. innbyggjar	29781	60422	67726	57482
Frie inntekter i kr per innbyggjar	60298	60889	49673	49776
Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter	4,4	13,6	16,2	19,5
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar	135673	163041	138243	137688
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor per innbyggjar 6-15 år	129097	148300	109314	105172
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta	5557	5229	2715	2538
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgtjenesten	22229	26793	19675	16874
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	2761	4381	4692	3536
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barnevernstenesta	11423	8219	10072	8877
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	6579	8746	4345	4312

Tabell: Økonomiske nøkkeltal frå KOSTRA

4 Organisasjon - medarbeidarar

Arbeidsgjevarpolitikken skal med verdiar, haldningar og verkemiddel i samhandling med dei tilsette, sørgje for utviklinga av effektive tenester av høg kvalitet for kommunen sine innbyggjarar. Dette ligg i botnen for kommunen sitt verke.

Arbeidsgjevarstrategien skal medverke til at Kviteseid kommune står fram som ein god og profesjonell arbeidsgjevar slik at vi greier å behalde viktige medarbeidarar. Arbeidstakarar som er stolte av arbeidsplassen sin, er dei viktigaste ambassadørane for å sikre framtidig rekruttering.

Alle tilsette i Kviteseid kommune har kvar dag gjort sitt beste for å gje innbyggjarane gode tenester og gode produkt.

4.1 Rapport handlingsplan 2016

Arbeidsgjevarpolitikken og lov- og avtaleverket er utgangspunktet for alt personalarbeid med HMS og IA på alle nivå i kommunen. Kommunestyret har det overordna personalansvaret.

Tabellen under viser tiltaka som vedteke i handlingsprogrammet for 2016 og status for tiltaka ved årets slutt.

Tiltak i handlingsplan for 2016	Resultat
Gjennomføre medarbeidersamtaler med minst 50 % av fast tilsette i kvar eining	Gjennomført
Oppfølging av sjukemeldte i samsvar med rutine i HMS-systemet	Gjennomført
Oppretthalde ein tett og god dialog med dei tilsette.	Gjennomført
Minst 2 personalmøte pr. år pr. eining med HMS og IA som tema	Gjennomført
Vidareutvikle eit godt leiarskap i kommunen. Gjennomføre samlingar i leiarforum.	Leiarforum har hatt 4 samlingar i 2016 med tema knytt til økonomi, administrasjon og personalforvaltning
Oppfølging handlingsplan IA	Gjennomført
Grunnkurs i HMS for verneombod	4 har gjennomført grunnopplæring i arbeidsmiljø
Grunnkurs i HMS Kurs for leiarar	0 har gjennomført kurs
Lukke alle HMS-avvik	Delvis gjennomført
Vernerundar og oppfølging av avvik	Delvis gjennomført
Gjennomføring av årleg helsetest – teknisk personell	Gjennomført
Revisjon HMS Internkontroll: - prosedyre for oppfølging av avvik - avviksskjema - prosedyre ved vald og trugsel om vald – verbalt eller fysisk	Handsama og vedteke i AMU 22.11.16

<i>Revisjon HMS Internkontroll - tillleggsrevisjonar og nye prosedyrer/skjema som ikkje sto på handlingsplanen: - HMS Internkontroll – styringsdelen - prosedyre ved varsling - skjema for varsling - varslingsplakaten - prosedyre for handtering ved konflikt - prosedyre for kartlegging og risikovurdering - skjema for risikoanalyse - prosedyre ved omstilling og endringar - handtering ved HMS-avvik - avviksskjema - prosedyre for gjennomføring av medarbeidarsamtale - skjema for medarbeidarsamtale</i>	<i>Handsama og vedtekne i AMU 22.11.16</i>
<i>Rullering/revidering av personalreglement</i>	<i>Ingen personalreglement revidert i 2016</i>

4.2 Tilsette

Tabellen under viser utviklinga i talet på årsverk.

Talet på stillingar vart redusert frå 2015 til 2016. Denne utviklinga kan sjå ut til å halde fram i både 2017 og 2018.

Det er eit sterkt press på bemanning for å oppnå ønskt kvalitetsutvikling av tenestene.

Tabell: Tilsette delt på eining 2004-2016

Eining	2004	2007	2011	2014	2015	2016
Politisk verksemd	1,6	1,6	1,6	1,6	1,5	1,5
Rådmann	2,65	2,5	3	2,8	2,4	3,2
Fellesteneste	5,92	7,12	6,6	6,95	6,95	6,6
Barnevern	12,3	12,3	12,3	14,1	14,1	14,5
Adm helse og omsorg	2,85	1,7	1,6	1,5	1,5	1,5
Kviteseid omsorg (KOS)	26,99	25,7	31,19	31,55	32,65	32,22
Heimetenestene	19,33	20,39	21,88	24,34	23,91	22,4
Kjøken	3,74	3,74	3,74	3,74	3,74	3,74
Funksjonshemma (Lundenjordet)	13,34	13,37	20,38	19,72	19,32	21,48
Helsesenter	11,65	11,45	14,4	15,95	15,08	15,08
Anna undervisning	6,32	4,83	6,79	6,31	6,31	5,39
Kviteseid skule	33,34	26,03	29,14	31,78	31,56	30,94
Straumsnes oppvekstsenter	8,78	9,39	9,98	11,37	11,37	9,08
Brunkeberg oppvekstsenter	11,6	10,6	12,34	13,55	13,55	12,76
Kviteseid barnehage	9,36	8,2	11,05	11,7	11,6	11,4
NAV	3,0	2,1	2,6	2,5	2,5	2,0
Samfunnsutvikling og teknisk drift	25,36	25,77	26,98	27,85	27,85	25,73
Lærling (omsorg)				1	1	1
Lærekandidat (kjøken)					1	1
Sum	200,8	187,62	215,57	228,31	226,89	221,06

4.3 Personalpolitikk

Organisasjonsutvikling

Ved vakante stillingar, skal desse opp til politisk vurdering, med unntak av stillingar innan liv og helse. Det vart tilsett avdelingsingeniør og kommunalsjef på samfunnsutvikling- teknisk drift.

I tillegg vart det tilsett flyktningkoordinator i nyoppretta stilling.

Kompetanseutvikling

Budsjettposten for stipend er svært låg, og det har det siste året berre vore mogleg å gje stipend til ein tilsett pr. år.

Ein av våre tilsette er framleis under 4-årig utdanning som barnehagelærer, og er den einaste som får nytte denne budsjettposten. Denne vert avslutta våren 2017.

Sjå sektorområde for helse og omsorg når det gjeld statleg stønad til kompetanseutvikling i samband med Kompetanseløftet 2020.

Sjå sektorområde for skule og barnehage når det gjeld statlege stønadsordningar for vidareutdanning.

Leiarforum

Det er gjennomført 4 samlingar i leiarforum gjennom året, der og hovudtillitsvalde i dei største organisasjonane, Fagforbundet og Utdanningsforbundet har delteke. I tillegg har hovudverneombodet vore med. Tema for desse samlingane har m.a. vore budsjett, handlingsprogram, fagleg utgreiing kvalitet i skule og barnehage, kommunereform, personalreglement og prosedyrar, avvikshandtering og HMS internkontroll, introduksjon av nytilsette.

Jubilantar

Kviteseid kommune har ein stabil og god arbeidsstokk. I 2016 var det to tilsette med 25 års fast teneste i Kviteseid kommune. Utdeling av gullklokke og blomar skjer på nyåret påfølgande år, anten på personalfest, på arbeidsstaden eller på annan måte.

4.4 HMS

AMU (arbeidsmiljøutval)

Det vart gjennomført 4 møte i utvalet, i samsvar med målsettinga.

Bedriftshelsetenesta (BHT) - Arbeidsmiljøundersøking

Det vart gjennomført målretta helsekontroll av røykdykkarar og fysisk test av Brannvesenet i Kviteseid kommunen.

Kommunetrim

Det vart gjennomført kommunetrim med spinning, cross-fit m.m. etter arbeidstid kvar onsdag frå januar t.o.m. april/mai og frå september t.o.m. desember. Dette tiltaket blir sett som positivt av dei tilsette.

Vernerundar

Det vart gjennomført vernerundar.

Sjukefråvær

Kviteseid kommune er ei IA-bedrift og vi jobbar aktivt med tilrettelegging og omplassering der det er mogleg, slik at tilsette med nedsett funksjonsevne kan bruke si restarbeidsevne i staden for å bli uføretrygda.

Vi nådde målet om å redusere sjukefråværet med 1 % med god margin. Langtidsfråværet gjekk ned med 1,84 %, medan korttidsfråværet ligg jamt på 1,4 %. Statistikken under viser at sjukefråværet vart redusert kvart kvartal samanlikna med kvartalstala for 2015. Det er gledeleg at store einingar som i tidlegare år har hatt høgt fråvær, fortset den positive trenden med å redusere langtidsfråvær. Noko av årsaken er at leiarar har stor fokus på dialog, oppfølging og bevisstgjerjing av partane sine plikter og har følgd opp desse.

Det er stor arbeidsbelastning på tilsette innan omsorgssektoren. Mange år i same jobb gjev slitasje og er med og påverkar sjukefråværet, men dei tilsette stiller lojalt opp så langt det let seg gjera. Psykisk helse er og med i bildet.

Tabellen nedanfor viser utvikling i legemeldt sjukefråvær registrert hjå lønnskoretet.

Tabell: Legemeldt sjukefråvær i den kommunale organisasjonen 2016

	2013	2014	2015	2016
1. kvartal	5,64	7,69	11,41	10,1
2. kvartal	4,59	8,97	10,98	9,29
3. kvartal	5,82	8,4	7,93	6,73
4. kvartal	6,10	7,1	8,25	6,9
Totalt	5,85	8,84	10,00	8,16

4.5 Likestilling

Kviteseid kommune arbeidar for likestilling og mot diskriminering. Kommunen arbeidar for inkludering og mangfald og har som mål at dette skal være integrert i alle prosesser i kommunen si verksemd.

Fordelinga mellom menn og kvinner mellom sektorane er tradisjonell, med hovudvekt av kvinner både i helse- og omsorgssektoren og i skule og barnehagesektoren. I uteavdelinga innan teknisk drift er det berre menn.

Kjønnsfordelinga mellom sektorane er normal for ein kommune og heng saman med tradisjonelle val av yrke.

Fordelinga er 252 kvinner og 62 menn, om lag 80 % kvinner og 20 % menn. Blant leiarane var det 57 % kvinner.

Det vert jobba kontinuerlig med tiltak til rekruttering. Prinsippet er at den best kvalifiserte vert tilsett.

4.6 Intern kontroll og etikk.

Leiarane har fokus på grunnleggjande verdiar og konsekvensar av alternative handlingar.

Det gode arbeidet som går føre seg i einingane og på sektor og leiarnivå vart vidareført og sikrar ein høg etisk standard i kommunen.

Dei etiske retningslinene er ein del av alle nye arbeidsavtaler.

5 Sektorovergripande tenester

5.1 Rapport handlingsplan

Tiltak i handlingsplanen	Resultat
Vidareutvikle gode rapporteringsrutinar internt og til politisk nivå.	Rapportering gjennomført som planlagt.
Gjennomføre opplæring i økonomi og økonomisystem for einingsleiarane.	Økonomi og gjennomgang av budsjett har vore fokus på leiarsamlingane gjennom heile 2015 og 2016.
Utvide og formalisere IKT samarbeidet med Tokke og Vinje kommune.	Gjennomført delar av dette.
Følgje opp IKT-strategien for regionen med særleg vekt på skule og helse.	Tilstanden på skulen er betre Det står att mykje arbeid, men no er det viktig å prioritere «grunnmuren» før vi jobbar meir med enkeltavdelingar.
I samarbeid med dei andre kommunane i regionen kjøpe inn og installere ny telefonsentral	Gjennomført
Etablere system for elektronisk faktura handsaming	Gjennomført
Følgja opp felles arbeid i regionen med vidareutvikling av vår web-side.	Gjennomført
Tilsetje flyktningskoordinator	Gjennomført
Busetjing av flykningar	Busett 12 flykningar i 2016

5.2 Rådmann og Fellestenester

Samla sett utgjer rådmanneneinga 3,2 årsverk og Fellestenestene 8,1 årsverk til saman og femnar om budsjett, rekneskap, arkiv, sentralbord, IKT, flyktning og personal skattekontoret for Nissedal og Kviteseid.

Arkiv	2012	2013	2014	2015	2016
Tal på inngåande journalposter	3 728	4 654	3747	3850	4100
Tal på utgåande journalposter	3 065	2 950	2938	2695	2737
Tal nye saker under behandling	1 196	1 220	1245	1748	2020
Tal journalposter ikkje satt ferdig uansett årstal			4378	253	202
Tal på saker uansett status	1 595	1 864	1797	1748	2767
Lønsslipp på e-post	207	237	276	285/120	300
Skatt					
Forskotstrekk totalt innbetalt i % av sum krav	99,00	99,97	100	99,98	99,98
Arbeidsgevaravgift totalt innbetalt i % av sum krav	99,70	99,81	99,9	99,90	99,92
Utskrevet forskotsskatt totalt innbetalt i % av sum krav	99,00	98,48	98,14	99,88	99,46

Tabell 12: Aktivitet tal for arkiv og innkrevjingsprosent på skatt

Utval	Møte 2015	Del. saker 2015	Ref. saker 2015	Politiske saker 2015	Møte 2016	Del. saker 2016	Ref. saker 2016	Politiske saker 2016
Kommunestyret	8	0	6	73	8	0	5	93
Formannskapet	10	0	46	123	10	0	30	136
Oppvekst og omsorg	5	0	15	30	5	0	0	23
Samf. Utv / tekn. Drift	5	1	134	42	5	1	114	38
Administrasjonsutval	5	0	0	0	5	0	6	18
Arbeidsmiljøutval	3	0	16	23	4	0	18	22

Tabell 13: Oversyn over saker i dei ulike utvala

6 Helse og omsorg.

6.1 Sektorleiing:

Samhandlingsreforma:

Kviteseid kommune har vore med i arbeidet med samhandlingsreforma i den interkommunale arbeidsgruppa i Vest-Telemark. Det har m.a. vore arbeidd med revidering av samarbeidsavtaler med sjukehus, og ny organisering av legevakt- og jordmorteneste.

Folkehelse:

Me hadde tilsett ein sjukepleiar i 20% stilling som folkehelsekoordinator. Hovudoppgåva var å laga ei folkehelsemelding 2012-2016 for Kviteseid kommune. Denne vart ferdig rett før årsskiftet, og vert lagt fram politisk i 2017. Før årsskiftet sa folkehelsekoordinatoren opp stilling då denne var vanskeleg å kombinere med stillinga som sjukepleiar.

Kompetanse:

Kviteseid kommune fekk tilskot på kr. 50.000 til kompetanseheving av tilsette i PLO gjennom Kompetanseløftet 2015.

Me hadde 7 tilsette som tok vidare- og etterutdanningar, t.d. hjelpepleiarar som utdannar seg til sjukepleiarar og vernepleiarar. Me hadde ein sjukepleiar som tek mastergrad. Det var 8 tilsette som tok Demensomsorgens ABC og me hadde eit heildagsseminar om demens for alle tilsette i PLO, mellom 70 og 80 møtte. Det å auke kompetansen til dei tilsette er ei god investering for å møte stadig nye utfordringar som kommunen får innan helse og omsorg.

Lærling:

I 2016 har me hatt ein lærling som etter planen vert ferdig helsefagarbeidar i august 2017.

Personal:

	H.ten.	KOS	Kjøken	Lunden	Helse
Personalmøte:	16	14	4	6	8

Leiarmøte: 14

Rapportering på handlingsplan for 2016:

Tiltak	Resultatindikator	Status
Utvikle betre overordna styring og rapporteringsrutinar på alle tenestene	Minst 2 aktivitetsrapportar til hovudutvalet i 2016	Dette er gjennomført
Betre kvaliteten på sakshandsaminga ved tildeling av tenester	Koordinerande eining og tenestekontor på plass	Dette kom på plass 01.09
Oppfylging av planstrategi: Utarbeiding av Pleie- og omsorgsplan og Plan for førebyggjande helsearbeid. Revisjon av Smittevernplan, Psykiatriplan og Plan for sosial og helseberedskap	Planar ferdige i løpet av året	Desse er ikkje påbyrja, men innarbeidde i ny planstrategi
Arbeide for at folkehelse blir eit prioritert område	Utarbeide plan for folkehelsearbeidet i kommunen. Tilsetje folkehelsekoordinator	Dette er gjennomført

Tenestekontoret

Tenestekontoret starta opp 1. september, og har til saman 2,1 årsverk fordelt på 3 tilsette. Kontoret held til på kommunehuset og har ope alle kvardagar frå kl. 08.00 til 15.30.

Tenestekontoret skal ta imot og handsame søknadar, fatte avgjersler og einskildvedtak om tildeling av tenester som i hovudsak omfattast av helse- og omsorgstenestelova og pasient- og brukarrettigheitslova.

Tenestekontoret har og funksjonen som kommunen si koordinerande eining for habilitering og rehabilitering. Koordinerande eining skal medverke til å sikre heilskaplege og koordinerte tilbod til pasientar og brukarar med trong for tenester frå fleire fagområde, nivå og sektorar. Ansvaret omfattar alle pasient- og brukargrupper med trong for langvarige og koordinerte tenester. Koordinerande eining har eit overordna ansvar for individuelle planar og for oppnemning, opplæring og rettleiing av koordinatorane i kommunen.

Erfaringa etter oppstarten er at det tek tid å etablere eit tenestekontor. Det er mykje som skal på plass i høve til rutiner og fagsystem. Det er og utfordrande å setje seg inn i lovverk og reglar for tenester ein ikkje har sakshandsama tidlegare. Dette skjer samstundes med at drifta er i gang. I helse og omsorg blir det fatta kring 250-300 vedtak i året. No som tenestekontoret har starta opp må ein leggje til dei vedtak som tidlegare blei handsama på Nav, slik som avlastning og omsorgsløn til foreldre, støttekontakt, startlån, tilskot, bustønad, TT-kort og følgjekort.

6.2 Kviteseid omsorgssenter(KOS)

KOS har stort sett hatt fullt belegg, men nokre senger har stått tomme grunna vedlikehald på de respektive romma. Dette har vore nøye planlagt og jobben med romma har blitt utført med ein gong.

Ein tilsett slutta og to tilsette var i permisjon frå januar til mars i 2016. Det vart rekruttert nye tilsette inn i desse stillingane, og me ser at fleire sjukepleiarar ynskjer å jobbe på KOS. Dette er veldig positivt og attendemeldingar frå nytilsette er at dette er ein spanande plass å jobbe og at det er mogeleg å vidareutvikle seg innanfor faget.

I 2016 har KOS teke imot alle som vart skrivne ut frå sjukehuset. Me har heller ikkje leigd plass i andre kommunar. Dette har til tider ført til eit stort press på dei tilsette. Me har ei låg grunnbemanning, og det er mest krevjande i helgene. Dersom det oppstår akutte ting i avdelinga eller at det kjem pasient inn på ø-hjelpsrommet, er dette eit sjukepleieansvar.

Det har blitt jobba mykje med nærvær på arbeidsplassen. Me ynskjer å liggje på minst 90% nærvær, og alle jobbar mot dette. Trivsel på jobb er viktig. På denne måten kan me få det beste ut av kvar enkelt som jobbar her og ein gleder seg til å gå på jobb. Me skal ha ein god kultur som plantar seg godt i veggane her og jobbe hardt mot felles mål. Våre siste tal viser eit nærvær på 92 %, noko me er godt nøgde med. Me har gjennomført ein prosess saman, helsefagarbeidarane og einingsleiar. Dei tilsette jobba i grupper for å snakke om korleis dei ynskjer å ha det på jobb framover. Haldningsendingar har det blitt jobba med, og dette er me merksame på dagleg over heile huset.

Målet til alle som jobbar ved KOS, er at pasientane skal ha det best mogeleg og pårørande skal bli inkludert mest mogeleg.

Me har også fått til eit tettare samarbeid med heimetenesta. På denne måten står KOS sterkare og ting er meir planlagde når pasienten kjem. Me har ofte samtaler med heimetenestene og det er opna for hospitering mellom einingane.

Me har oftare teke imot yngre pasientar som og har yngre pårørande med seg. Dette krev meir av oss og me ser at me stadig må jobbe på nye måtar. Dette gjer kvardagen vår spanande og ingen dag er lik.

Rapportering på handlingsplan for 2016:

Tiltak	Resultatindikator	Status
<p><i>Ha to korttids plassar som m.a skal brukast til:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Avlastning for pårørande med store omsorgsoppgaver, eller til opptrening etter t.d lårhalsbrot</i> • <i>Vurderingsopphald og til evt regulering av medikament og smerteevaluering</i> 	<p><i>Pårørande med store omsorgsoppgaver skal få avlastning. Pasientar som treng vurderingsopphald skal få det</i></p>	<p><i>Dette er fylgd opp så langt som råd</i></p>
<p><i>Bemanningsplan og døgnrytmeplan</i></p>	<p><i>Betre tilpassa kompetanse til brukarane sine behov</i></p>	<p><i>Det har blitt jobba med både bemanningsplan og døgnrytmeplan. Ferdig før juni- 2016</i></p>
<p><i>Fylgje opp avvik i kvalitetssystemet og i HMS systemet</i></p>	<p><i>Bruke avviksmeldingar i forbetningsarbeidet. Rapport over avvik skal leggjast fram i hovedutval og AMU</i></p>	<p><i>Dette er tatt med i AMU</i></p>

6.3 Heimetenestene

Heimetenestene er ei komplisert teneste som har opplevd aukande press og stadig nye lovpålagte oppgåver, mykje av dette har kome med Samhandlingsreforma.

Det er brukaren sin helsetilstand som avgjer type teneste, og omfanget av tenesta kommunen skal yte. Dette kan vera utfordrande, m.a. grunna lange avstandar.

Tenestekontor/koordinerande eining vart starta i september. Det sikrar ei betre sakshandsaming og samhandling med spesialisthelsetenesta, og koordinerte tenester til dei som treng det. Heimetenestene skal utføre vedtaka frå tenestekontoret.

Trongen for hjelpemiddel/velferdsteknologi er stadig aukande og er eit viktig supplement. Både hjelpemiddelkoordinator og vaktmeister har hektiske dagar på liten stillingsressurs. Ein friviljug hjelper vaktmeisteren 1 dag/veke med utplassering av hjelpemiddel, som ofte er tungt arbeid, sjå tabell.

Heimetenestene har dei siste åra satsa mykje på å gje heimebuande demente, og deira pårørende eit godt og individuelt tilpassa tilbod. Sjå Demensplanen som vart utarbeidd av demenssjukepleiaren vår i 2016.

Einingsleiar har jobba systematisk med sjukefråveret, men 2016 vart likevel eit ekstra krevjande år bemanningsmessig, då om lag 50% av sjukepleiarane var ute i svangerskapspermisjon. Erfaring viser at det er vanskeleg å rekruttere sjukepleiarar til vikariat, og nødvendig kompetanse forsvinn.

I denne perioden hadde eininga mange dårlege kreftpasientar som ynskte å døy heime. Kreftsjukdom er ressurskrevjande, m.a. treng ein høg kompetanse og tett oppfølging gjennom heile døgnet. Alle tilsette skal ha stor ros for at me klarte å gje denne brukargruppa ein god og verdig avslutning på livet.

Eininga har og hatt 8-10 ressurskrevjande psykiatriske brukarar som har kravd mykje av dei tilsette. Eit godt tverrfagleg samarbeid og kompetanseheving/vegledning er nødvendig.

På hausten kom fleire sjukepleiarar attende på jobb. Me starta opp att arbeidet med strukturert legemiddelgjennomgang i samarbeid med legane. Målet med å starte opp med multidose vart utsett til 2017 grunna ressursmangel.

Samhandlingsreforma krev systematisk kompetanseheving i alle ledd. Difor vart det tilsett ein fagutviklingssjukepleiar då assisterande einingsleiar gjekk over i anna stilling.

IT systemet er ei utfordring som i verste fall kan gå utover pasienttryggleiken. Det må skje ei «oppdatering» slik at tenesta kan nytte mobil Profil(fagsystem) i kommunikasjonen med sjukehuset gjennom heile døgnet, og sikre betre dokumentasjon for den enkelte brukar og slå opp i journal ved legevisitt.

Oversikt over talet på brukarar i 2016:

Tal på brukarar som mottok heimesjukepleie pr.31.12	87
Tal på brukarar som kun mottok praktisk bistand i heimen(heimehjelp) pr.31.12	19
Tal på brukarar som mottok begge tenestene	48
Tal på brukarar som fekk hjelp med medikamenthandtering	71
Tal på brukarar som fekk tilkøyrd middag frå KOS av tilsette i heimetenesta. I tillegg kjem middagar «Eldre hjelper eldre» kørde ut 3 d/veke	21
Tal på utlevering av hjelpemiddel (vaktmeister)	405
Tal på brukarar som vart fekk hjelp av hj.middelkoordinator: heimebesøk/utprøving heime	150
Talet på søknadar/utprøving saman med brukar på Hjelpemiddelsentralen	147/7
Tal på brukarar som vart henvist frå legane til demensteamet (kartlegging/testing/diagnoseutgreiing/oppfølging)	16
Tal på brukarar som fekk plass på Midtsundtoppen dagsenter	27
Tal på brukarar som fekk heimebesøk frå tilsette ved dagsenteret	8

Rapportering på handlingsplan 2016:

Tiltak	Resultatindikator	Status
<i>Fleksibel bruk av personalressursen</i>	<i>Betre tenester og meir effektiv drift</i>	<i>Oppnådd god kontroll på drifta. Heimehjelpene har fått fleire nye og «enkle» pleieoppgåver</i>
<i>Jobbe vidare med sikte på å skape betre dialog som grunnlag for trivsel og meistring</i>	<i>Redusere sjukefråveret ned mot IA planen, og jobbe for eit stabilt lågt sjukefråver</i>	<i>Sjukefråveret var på 8,62%(ned 4,18% frå 2015) Sjukefråveret/arbeidsmiljøet er kontinuerleg i fokus</i>
<i>Arbeide for meir systematisk kompetanseheving av alle tilsette,jmf. Samhandlingsreforma som har overført nye/kompliserte oppgåver som krev stadig meir kompetanse i kommunane</i>	<i>Høgare kvalitet på tenesta Ut til brukar</i>	<i>Tilsett fagutviklingssjukepleiar som jobbar systematisk med kompetanseheving/internundervisning. Fått videokommunikasjonsutstyr på slutten av året</i>
<i>Vidareføre drift av dagtilbod for heimebuande personar med demens/kognitiv svikt</i>	<i>Gjeva eit tilbod til personar med demens, som og er ei god og nødvendig avlastning for pårørande</i>	<i>Midtsundtoppen dagsenter er i drift 3 dagar pr. veke(opptil 14 plassar). Ambulerande modell med heimebesøk 1 dag pr.veke</i>
<i>Fylgje opp avvik i kvalitetssystemet og i HMS systemet</i>	<i>Bruke avviksmeldingar i forbetningsarbeidet. Rapport over avvik skal leggjast fram i hovudutval og AMU</i>	<i>Systemet fungerer ikkje og er «lyfta» opp i organisasjonen</i>

6.4 Kjøken

Kjøkenet har levert ut om lag 160 middagar per veke. Utkøyringa blir delt mellom heimetenesta og "eldre hjelper eldre".

«Eldre hjelper eldre» køyrer 3 dagar, heimetenesta køyrer 4 dagar.

Kvar torsdag har me «torsdagstreffen» i kantina på KOS, her serverar me to rettars middag til pensjonistar i Kviteseid. Dette er eit sosialt lag rundt eit godt måltid. Me opplever at dette er eit populært tilbod.

For brukarane av kjøkenet så søkjer me å laga god, næringsrik og variert kost, og me freistar å gjeva dei ei god matoppleving uavhengig av alder og helsetilstand.

Kjøkenet er pålagt av mattilsynet å merke all mat med allergener/ingrediensar. Dette medfører strengare oppsett av menyane.

I desember serverte me jolemiddag til pårørande og pasientar, om lag 60 personar. Det vart teke i bruk nytt arbeidsrom for personalet på vaskeriet. Rommet vert nytta til stryking, bretteing og sortering av pasienttøy.

Kjøkenet tilbyr catering, og me ser at dette er etterspurt.

Dataprogram for matmerking og rekneskap tek om lag 4 timar per veke frå matproduksjonen. Det blir ikkje leigd inn ekstra for dei som jobbar med dette. Ved sjukdom og ferie prøvar einingsleiar å spare på innleige av ekstra personale. Dette fører til større arbeidspress for dei som er att på jobb.

Kjøkenpersonalet har vaska arbeidstøy for personalet på KOS og i heimesjukepleia. Dette er noko som me vil jobbe for å finne ei anna løysing på.

Kjøkenet har eit opplæringsprogram saman med fylkeskommunen for ein lærekandidat i kokkefaget.

Rapportering på handlingsplan for 2016:

Tiltak	Resultatindikator	Status
<i>Gjennomgang av tidsbruk på ulike arbeidsoppgåver på eininga</i>	<i>Meir effektiv drift</i>	<i>Tilsette har fått tydelege arbeidsoppgåver</i>
<i>Jobbe vidare med organisering av kjøken og vaskeri. Ny arbeidsplan/bemanningsplan</i>	<i>Bruke ressursane betre og meir effektivt. Gjeva bebruarane på KOS betre service</i>	<i>Dette er gjennomført</i>
<i>Energisparing enøk, bevisst bruk av elektrisk utstyr</i>	<i>Nedgang i energi/ straumforbruk</i>	<i>Dette vert det jobba med kontinuerleg</i>
<i>Eininga tilbyr praksisplass til skuleelevar og andre som treng det</i>	<i>Eininga tek i mot personar som treng praksisplass</i>	<i>Kjøkenet tok imot ein lærekandidat, som skal vera i 2 år frå august 2015</i>
<i>Fylgje opp avvik i kvalitetssystemet og i HMS systemet.</i>	<i>Bruke avviksmeldingar i forbetningsarbeidet. Rapport over avvik skal leggjast fram i hovudutval og AMU</i>	<i>Dette er me ikkje gode nok på. Her ynskjer me eit betre system for kommunen</i>

6.5 Eining for funksjonshemma

Viktige hendingar:

- Kompetansebygging:
Det planlagde arbeid med systematisk kompetanseheving for alle tilsette i eininga ved bruk av Mitt liv ABC er ikkje starta. Materialet er enda ikkje ferdig til å ta i bruk. Dette punktet blir derfor vidareført til neste år.
- HAVO har etablert leiar- og fagnettverk for høgskulegruppa i fylket. Eininga har vore ein del av dette i 2016 og. Dette er svært nyttig i arbeidet med fagleg kompetanseheving.
- Lærling:
I 2016 tok ein lærling i helsearbeiderfaget til i eininga.
- Sjukefråveret har vore på eit akseptabelt nivå. Vikarar er alltid ei utfordring, særskilt ved korttidsfråver, så det har vore naudsynt med bruk av overtid for å få drifta til å gå forsvarleg.

- Til ledige stillingar/vikariat har eininga hatt god tilgang på søkjarar. Utfordringane framover ligg i å få ressursar til det lovpålagte arbeidet som er skriftleg, og som må gjerast i ubunden tid for å kvalitetssikre tenesta. Ved budsjettarbeidet for 2017 blei det vedteke å auke med 20% vernepleiarstilling.

Rapportering på handlingsplan for 2016:

Tiltak	Resultatindikator	Status
<i>Gjeva bustad med oppfylging til utviklingshemma som har trong for det</i>	<i>Brukarane får eit tilpassa butilbod. Avlastningsbustad til dei som treng det</i>	<i>Brukarane har hatt eit tilpassa butilbod. Avlastingsbustaden har vore bruk til dei som har hatt trong for det</i>
<i>Tilrettelagt tilbod på dagtid med arbeid/dagsenter/skule</i>	<i>Brukarane får eit tilpassa tilbod på dagtid</i>	<i>Tilbodet er tilpassa den nye økonomiske ramma</i>
<i>Fylgje opp avvik i kvalitetssystemet og i HMS systemet</i>	<i>Bruke avviksmeldingar i forbetningsarbeidet. Rapport over avvik skal leggjast fram i hovudutval og AMU</i>	<i>Har ikkje kome i gang med dette. Kommunen treng eit nytt/betre system</i>
<i>Fylgje opp arbeidet med bemanningsplan</i>	<i>Betre tilpassa kompetanse til brukarane sine behov</i>	<i>Bemanningsplanen blir fylgd opp</i>

6.6 Eining for helse

Ny einingsleiar starta opp i 50% stilling i april, og har personal- og økonomiansvar for eininga.

Helsestasjonen

2016 har vore prega av høgt sjukefråvær på helsestasjonen. Dette har mellom anna ført til at det har vore eit redusert tilbod på skulehelsetenesta.

Helsestasjonen famnar om eit breitt spekter av oppgåver, og tenesta opplever eit aukande press på grunn av stadig auke i lovpålagte oppgåver. Tenesta har ei sentral rolle i det helsefremjande og sjukdomsførebyggjande arbeidet i kommunane - tidleg innsats er eit nykelord.

Helsestasjonen gav tilbod om vaksinerings til alle som var på flyktningsmottaka i Vrådal og Morgedal. Flyktingane som blei busett i kommunen har og fått tilbod om vaksinerings.

Helsestasjonen har eit tett og godt samarbeid med psykisk helse barn og unge. Det vert samarbeidd blant anna i høve til foreldrerettleiing og samspel både i familiar og skuleklasser. Leiande helsesystemer og psykisk helse barn og unge har i 2016 fullført opplæring via barnevernet i forelderådgeving (TIBIR – tidleg innsats barn i risiko).

I samråd med kommuneleiinga og Kvitsund gymnas har den opne kontortida på Kvitsund blitt avvikla på grunn av for lite ressursar, Elevane tek no kontakt på telefon, sms eller via lærarar. Helsesystemer deltek fast i sosial-pedagogisk møte på skulen.

Helsestasjonen blei i 2016 godkjent som «ammekyndig helsestasjon».

Jordmor

Jordmor har hatt 234 konsultasjonar totalt, inkludert 14 heimebesøk. Talet på fødde barn i kommunen var 22.

Månadane januar og februar hadde klart flest konsultasjonar. Dette skuldast flyktningane som heldt til i Vrådal og i Morgedal. Alle flytta vidare til andre stader i landet, så ingen av dei kom på statistikken over talet på fødde i kommunen. To av dei som hadde oppfølging i svangerskapet flytta frå kommunen rett før termin. Det har vore oppfølging av to kvinner frå Tokke kommune. Det er heller ikkje alle gravide i kommunen som gjennomfører svangerskapsomsorga her. Nokre vel Fyresdal, Vinje eller Seljord pga. arbeid eller andre høve. Slik sett vil talet på konsultasjonar og talet på fødde ikkje vera heilt samsvarande.

Jordmor blei på hausten med i gruppa som skal jobbe fram forslag til organisering av jordmortenesta i ein vertskommunemodell. Gruppa vert leia av samhandlingskoordinator Sissel Bitustøyl. Arbeidet vert ferdig våren 2017, og den endelege avgjerda ligg hjå politikarane.

Jordmor har og delteke i skulevaksinasjonsprogrammet saman med helsesystemene.

Det har vore arrangera akuttkurs på jordmorkvakta for dei tilsette, og jordmor har gått kurs for å få moglegheit til å føreskrive prevensjon.

Fysioterapi

Fysioterapeutane har kontor både på Helsesenteret og på KOS. Lokala på helsesenteret fungerer ikkje optimalt. Det manglar mellom anna handvask på det eine behandlingsromet, og det er ingen ventilasjon der. Det har vore yrkeshygieniker frå Samt på synfaring, grunna dårleg lukt, mistanke om sopp og klager på pustevanskar frå både tilsette og pasientar. Det blei påvist muggsopp i eit avstengt rom, men det er førebels ikkje fjerna. Konklusjonen frå Samt var ei anbefaling om at fysioterapitenesta burde flytte ein etasje opp, ev. til andre lokale.

Lokala på helsesenteret er ikkje tilrettelagt for rullestolbrukar eller pasientar med rullator/preikestol. Treningsrommet er lite, og det er ikkje plass til å ha grupper eller mykje utstyr der. Av den grunn må ein nytte lokale på KOS og i fleirbrukshallen i tillegg. Dette fører til mykje køyring og tap av pasienttid.

Fysioterapitenesta har hatt stor pågang i 2016. Det har vore ventetid opp til 6 månader. Kommunen har mange kronisk sjuke pasientar som treng kontinuerlig oppfølging, noko som fører til at det blir mindre ressursar til øvrige pasientar. I 2016 tok kommunen imot fleire flyktningar som har hatt behov for fysioterapi. Dette har og ført til ein del meirarbeid for tenesta.

Gjennomsnittleg tidsbruk per veke:

36 t på kurativ behandling

12 t på KOS

5 t på gruppebehandling i fleirbrukshallen

4 t på heimebesøk

1,5 t på Lundenjordet

1,5 t på helsestasjonen

12 t administrasjon:

- Dokumentasjon
- Planlegging av individuell pas.-behandling og gruppetrening, utforme treningsprogram
- Telefonsamtaler med pasientar, div. samarbeidspartnarar på sjukehus, hjelpemiddelsentrelen og NAV.
- Møteverksemd, til dømes ansvarsgruppemøte og samarbeidsmøte

- Ergoterapirelaterte oppgåver som pasientutgreiing, vurdering av hjelpemiddel, skrive søknad om hjelpemiddel, utprøving og tilpassing av hjelpemiddel, samt oppfølging.

Kviteseid kommune har ikkje ergoterapeut. Det er stadig aukande etterspurnad etter den kompetansen, og fysioterapitenesta opplever at ressursbruken på ergoterapi-relaterte oppgåver blir stadig større. Ergoterapi er svært sentralt både i forhold til rehabilitering og habilitering. Mangelen på denne kompetansen fører til at tenesta brukar mykje tid på å lesa seg opp på ting, slik at pasientane kanskje ikkje får den tenesta dei burde hatt.

Legekontoret

På grunn av foreldrepermisjon har det vore legevikar i den eine fastlegeheimelen. Sjukefråværet på legekontoret er lågt. Det er eit godt samarbeid mellom arbeidstakarane og arbeidsmiljøet er godt.

Legane har visitt med heimesjukepleia og Lundenjordet kvar veke. Legetilsynet på KOS blei frå hausten av utvida frå to til tre dagar i veka. Dette vil bli evaluert med jamne mellomrom, og justert ved behov. I tillegg blir legane tilkalla dersom det er pasientar som har akutt trong for legetilsyn.

Det er frå før etablert faste samarbeidsmøte både internt og med psykisk helse, helsestasjonen, fysioterapitenesta og demensteamet.

Kommuneoverlegen har i 2016 vore delaktig i arbeidet med ny folkehelseplan og demensplan.

Det har blitt utarbeidd stillingsinstruksar for medarbeidarane på kontoret, og ansvarsoppgåver har blitt fordelt ut frå kompetanse/utdanning, interesse og stillingsstorleik.

Legekontoret har og jobba ein del med kvalitetssikring, og har nytta dataprogrammet TrinnVis til dette. Dette er eit arbeidet som held fram i 2017, og som må arbeidast med kontinuerleg.

Psykisk helse

Hovudtyngda av arbeidsoppgåvene er individuell oppfølging av dei tilvisingane tenesta får. Dei kjem i hovudsak frå legekontoret, men og frå andre instansar som t.d. heimetenesta, NAV, helsestasjon og pårørande. Det vert gjeve tenester i grunnskulane og på Kvitsund gymnas i form av individuelle samtaler, familiesamtaler og undervisning.

Hausten 2016 blei det gjort tilsetting i ei 80% prosjektstilling i tenesta. Vedkomande arbeider med å byggje opp eit døgntilbod kring ein brukar. Arbeidet omfattar planlegging av bustad, aktivisering/jobb og personale.

Arbeidsoppgåvene i 2016 har vore i overkant av det tenesta kan klare å handtere i høve til tilgjengelege ressursar. Årsakene er tunge saker som krev mykje oppfølging, kombinert med auka etterspurnad. Det har vore ein auke i brukarar med rus-problem, og dette er eit felt tenesta manglar kompetanse på. Dei tilsette arbeider mykje på eiga hand, og saknar tid til eit fagleg fellesskap.

Rapportering på handlingsprogram 2016

Tiltak	Resultatindikator	Status
<i>Auke legetilsynet per pasient per time per veke på KOS opp til landsgjennomsnittet</i>	<i>Høgare kvalitet i legetilbodet på KOS</i>	<i>Det har vore samarbeidsmøte mellom tilsynslege, kommuneoverlege og einingsleiar på KOS. Talet på timar er auka og fordela på fleire dagar i veka</i>
<i>Utvikle ei betre og meir føreseieleg legeteneste</i>	<i>Fleire pasientar, færre gjestepasientar. Robust bemanning over tid. Færre avvik frå eksterne samarbeidspartar som t.d. sjukehus, PLO og NAV</i>	<i>Legedekninga er stabil. Det er lite avvik frå eksterne samarbeidspartar</i>
<i>Arbeide for meir systematisk kompetanseheving av alle tilsette, jfr Samhandlingsreforma som krev stadig meir kompetanse i kommunane</i>	<i>Høgare fagleg kvalitet på tenesta til brukar. Alle tilsette skal gjennomføre opplæring i samband med samhandlingsreforma</i>	<i>Fleire av dei tilsette har vore på relevante kurs, og det har vore arrangert kurs lokalt</i>
<i>Byggje opp eit kvalitetssystem for dei ulike tenesteområda. Oppgradere 20% av ei sjukepleiarstilling på legekantoret til fagsjukepleiar for å arbeid med kvalitetssystem/prosedyrar og internundervisning</i>	<i>Betre kvalitetssikring av tenesta på legekantoret og dei andre tenestene. Betre og tryggare tenester. Systemet skal vera ferdig i løpet av 2016</i>	<i>Arbeidet med kvalitetssystem på legekantoret har kome godt i gang. Det er førebels ikkje planar om å oppgradere ei sjukepleiarstilling</i>
<i>Fylgje opp avvik i kvalitetssystemet, t.d. medikamenthandtering, og i HMS systemet</i>	<i>Bruke avviksmeldingar i forbetningsarbeidet. Rapport over avvik skal leggast fram i hovudutval og AMU</i>	<i>Dette vert det jobba med kontinuerleg. Avvik er oppe som tema på kvart personalmøte</i>

Kviteseid samanlikna med andre innan helse og omsorg.

Tabellen under syner Kviteseid samanlikna med andre på viktige område, ved hjelp av KOSTRA-tal for 2016.

KOMMUNEHELSE	KVITeseID	VEST-TELEMARK	TELEMARK	LANDET
Dekningsgrader				
Legeårsverk pr. 10 000 innbyggjarar	16,4	18,1	11,5	10,7
Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innbyggjarar	8,2	13	9,2	9,1
Legetimar pr. veke pr. bebuar i sjukeheim	0,26	0,51	0,7	0,55
Fysioterapitimar pr. veke pr. bebuar i sjukeheim	0,37	0,61	0,46	0,40

Forklaring/tolking av tala:

Dekningsgrader:

- Legetimar pr. veke pr. bebuar i sjukeheim er auka noko frå 2015 til 2016.
- Fysioterapitimar pr. veke pr. bebuar i sjukeheim er stort sett uforandra frå 2015 til 2016.

Kviteseid kommune har ligge særst lågt, og ligg framleis relativt lågt når det gjeld legetimar og fysioterapitimar pr. veke pr. bebuarar i sjukeheim. Det er redusert eit 100% fysioterapidriftstilskot, noko som tyder ei sterk reduksjon av tenesta.

Kontinuitet og kapasitet i legetenesta og fysioterapitenesta tyder særst mykje for kvaliteten og kvantiteten på desse tenestene til bebuarar i sjukeheim.

PLEIE OG OMSORG	KVITSEID	VEST-TELEMARK	TELEMARK	LANDET
Dekningsgrader				
Mottakarar av heimetenester til heimebuande pr. 1000 innbyggjarar 0-66 år	17	27	24	21
Mottakarar av heimetenester til heimebuande pr. 1000 innbyggjarar 67-79 år	69	102	72	68
Mottakarar av heimetenester til heimebuande pr. 1000 innbyggjarar 80 år og over	371	388	334	325
Plassar i institusjon i prosent av innbyggjarar over 80 år	25,2	24,4	16,1 *2015-tal	18

Forklaring/tolking av tala:

Dekningsgrader:

I Kviteseid kommune er det særskild dei over 80 år som er mottakarar av heimetenester. Talet på brukarar i denne gruppa har auka gjenge ned med 9 frå 2015 til 2016. Når det gjeld plassar i institusjon i prosent av innbyggjarar over 80 år er talet på sjukeheimplassar i Kviteseid om lag det same som for Vest-Telemark og høgare enn landet.

Når det gjeld andel plassar i institusjon og heildøgnsbemanna bustad i prosent av innbyggjarar 80 år og over ligg Kviteseid likt med gjennomsnittet for landet og under Vest-Telemark. Kviteseid har ikkje heildøgnsbemanna omsorgsbustader som mange kommunar i Vest-Telemark har. Kviteseid kommune har imidlertid ei nattpatrulje i heimesjukepleia, som mange andre kommunar ikkje har.

7 Skule og barnehage

Fungerande kommunalsjef starta opp i stillinga august 2016.

Sektor for skule og barnehage består av desse einingane, med slik bemanning ved årsskiftet:

- Kviteseid skule har 197 elevar og 31 årsverk.
- Straumsnes oppvekstsenter har 12 barnehagebarn, 15 elevar og 8 årsverk.
- Brunkeberg oppvekstsenter har 33 barnehagebarn, 23 elevar og 12 årsverk.
- Kviteseid barnehage har 44 barnehagebarn fordelt på 59 plassar og 11,4 årsverk.
- Kulturskulen har 91 elevar, og 2,7 årsverk (fordelt på 8 tilsette)
- Barnehagane har i tillegg 1,1 årsverk i styrka tilbod til førskulebarn.

Både Brunkeberg oppvekstsenter og Kviteseid barnehage manglar barnehagelærar i 20 % stilling for å oppfylle pedagognorm. To fagarbeidarar er på midlertidig dispensasjon. Elles har alle einingane formelt kvalifiserte, fast tilsette i stillingar der det er krav om høgskulekompetanse. Det er også fleire tilsette med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidar ved alle einingane.

Skule har hatt 6 planleggingsdagar i 2016, og barnehage 5 planleggingsdagar. Alle einingane har gjennomført personalmøte i gjennomsnitt ein gong kvar månad, utanom juli. Det har vore administrasjonsmøte mellom styrarar, rektorar og sektorleiar 9 gonger i 2016. Kommunalsjef har hatt medråderettsmøte med Hovudtillitsvalde for Utdanningsforbundet 2 gonger i løpet av hausten 2016.

7.1 Status og utfordringar i skule og barnehage

Utfordring for Kviteseid kommune er folketalsutviklinga, med m.a. synkande barnetal. Etter eit svært lågt fødselstal på 14 i 2015, er det gledeleg at 2016 har eit fødselstalet på 22 barn. For barnehagedrifta resulterte det synkande barnetalet i minkande søkjartal. Både Brunkeberg og Straumsnes barnehage reduserte på maksimum tal plassar frå hausten 2016, Brunkeberg frå 48 til 42, og Straumsnes frå 24 til 18. Det er redusert med 1 årsverk pedagog i Brunkeberg barnehage og 0,4 årsverk i Straumsnes barnehage frå august 2016.

Alle med rett til barnehageplass fekk det i 2016. Nokon av søkjerane med Kviteseid som fyrste val, fekk plass i Brunkeberg. Kviteseid kommune har fortløpande opptak ved ledig kapasitet.

Styrarane i barnehagane held fram med å samarbeide om utnytting av plassar, og det synest også som føresette ser på tilboda i alle barnehagane som likeverdige. Dette samarbeidet er helst aktuelt mellom Kviteseid barnehage og Brunkeberg oppvekstsenter.

Heile uteområde ved Kviteseid barnehage vart rusta opp i løpet av våren og sommaren. Det vart lagt asfalt og gummibelegg under leikeapparata. I tillegg er det sett opp nye leikeapparat.

Frå august 2016 fekk Straumsnes oppvekstsenter same struktur som Brunkeberg oppvekstsenter, med skule for 1. – 4. trinn. Elevar på 5.- 7. trinn byrja på Kviteseid skule.

Kviteseid kommune har hatt få minoritetsspråkelege elevar dei siste åra. Det vil kome fleire minoritetsspråkelege elevar i tida framover, og det er viktig at Kviteseid kommune arbeider målretta mot denne gruppa.

Både barnehagen og skule treng auka kompetanse for å arbeide systematisk med språkopplæring, lesing og skiving hjå minoritetsspråklege barn. Ein må og få på plass gode rutiner for kartlegging og tilrettelegging for denne gruppa.

7.2 Kvalitetsarbeid i barnehage

Det er særleg 3 fokusområde som barnehagane arbeider med:

- Sosial kompetanse
- Språkarbeid og tidleg innsats.
- Realfag

Sosial kompetanse

Leiken er viktig for alle barn, og gjennom leiken utviklar barnet sine intellektuelle, språklege, emosjonelle, sosiale og fysiske evner. Det er viktig at barnet trivast og kjenner seg trygg i barnehagen.

Språkarbeid og tidleg innsats

Barnehagane i kommunen er med i satsinga «Språkløyper», som er ein nasjonal strategi for språk, lesing og skiving.

Alle barn i førskulealder får tilbod om å vere med på kartlegging gjennom KoPS. Dette kartleggingsprogrammet kan vere med på å synleggjere barn som strevar språkleg. Desse barna vil få tilbod om særskilt oppfølging i etterkant.

Realfag

Barnehagane i Kviteseid deltek på satsinga «Tett på realfag», som er regjeringa sin strategi for betre læring og auka kompetanse i realfag.

Tverretatleg samarbeid, barnehage

- Samarbeid med helsestasjon, jf plan for overgangar mellom barnehage og skule.
- Forum for Systemretta arbeid (FSB) – 4 gonger i året – Barnehage og PPT.
- Felles samarbeidsmøte med BV to gonger i året
- Tverrfagleg nettverksamling med tema opplæring av fleirspråklege barn og unge Barnehage og PPT

7.3 Overgang barnehage – skule

- Arbeid med plan for overgangar, fast møte 1 gong kvar haust
- Samling førskulebarn og fyrsteklassingar gjennom året.
- Fadderordning

7.4 Kvalitetsarbeid i skule

Skulane arbeidar med desse fokusområda:

- Sosial kompetanse
- Språkarbeid og tidleg innsats.
- Klasseleiing
- Realfag

Sosial kompetanse

Alle skulane nyttar programmet «Zippys venner» for 1-4 klasse.

Kviteseid skule nyttar i tillegg «Jentesnakk», «Gutesnakk» og « Art» i arbeidet med sosial kompetanse. Det vert jobba kontinuerleg for eit aktivt og inkluderande skulemiljø.

Språkarbeid og tidleg innsats

Gode språk,- lese ,- og skriveferdigheter er vesentleg for at alle barn og unge skal oppnå sine mål og utvikle sitt potensial.

Alle skulane i kommunen deltek for 1.- 4. klasse på satsinga «Språkløyper», som er ein nasjonal strategi for språk, lesing og skriving.

Klasseleiing

Skulane er opptekne av klasseleiing og motivasjon for læring. Kviteseid har vore med på satsinga Ungdomstrinn i Utvikling med fokus på «Klasseleiing». Samarbeidet med høgskulen vert avslutta desember 2016, men arbeidet med temaet klasseleiing kjem til å fortsetje i 2017.

Realfag

Kviteseid skule deltek i Lektor2-ordninga i samarbeid med Naturfagsenteret ved UiO.

Realfaglærarar på ungdomstrinnet utviklar og gjennomfører undervisningsopplegg som har elevane si læring og motivasjon i realfag som mål. Skulen samarbeider med Kviteseid betong om å utvikle undervisningsopplegg der elevane aktiviserast og utfordrast gjennom utforskande oppgåver.

Tverretatleg samarbeid, skule

- Samarbeid med helsestasjon, jf plan for overgangar mellom barnehage og skule.
- PPT har kontakttid på skulane og er med i TPO-team.
- Tverrfagleg nettverksamling med tema opplæring av fleirspråklege barn og unge - Skule og PPT.

7.5 Kompetanseutvikling

Barnehage:

- Språkløyper- deltaking i nasjonal satsing
- Tett på realfag – deltaking i nasjonal satsing

Skule:

- Språkløyper, deltaking i nasjonalt prosjekt
- Rektorutdanning, rektor ved Kviteseid skule har starta på rektorutdanninga
- Vidareutdanning matematikk. 2 lærarar vart ferdig våren 2016
30 studiepoeng for 1 lærar. Oppstart hausten 2016
- Vidareutdanning i engelsk, 30 studiepoeng for 2 lærarar. Oppstart hausten 2016
- «Kviteseidskulane i utvikling», eit satsingsområde under den nasjonale satsinga «Ungdomstrinn i Utvikling». Kompetanseheving av lærarpersonalet, i samarbeid med Høgskolen i Telemark. Tema: Klasseleiing. Felles samlingar og skulebasert utviklingsarbeid
- Nettverksamling for skuleleiarar og kommunalsjefar. Kompetanseheving av skuleleiinga. Tema: Leiing av skulebasert utviklingsarbeid.

Både strategien «Språkløyper» og satsinga «Ungdomstrinn i utvikling» er ei støtte i lokalt utviklingsarbeid. Gjennom refleksjon og delingskultur skal ein i lag utvikle kompetanse og praksis innan klasseleiing, språk, lesing og skrivning på den enkelte skule og barnehage, samt styrke kunnskapen om lokalt utviklingsarbeid i eigen organisasjon. Begge satsingane går føre seg internt på skulane og i barnehagen, med korte, intensive økter med fagleg påfyll, og påfølgande arbeid i personalgruppene, i undervisninga eller ute på avdelingane i barnehagen. Denne metoden sikrar varig endring i og utvikling av skulane og barnehagane.

7.6 Læringsresultat

Grunnskulepoeng

Det kom fram særst gode resultat på statistikken over grunnskulepoeng våren 2016. Grunnskulepoeng vil seie karakterane som tel ved inntak til vidaregåande skule for kommunen sin del.

	Kviteseid	Telemark	Nasjonalt
Grunnskulepoeng	43,6	40,3	41,2

Nasjonale prøver

Resultat på nasjonale prøver for 5. trinn 2015-2016

Fag	Kviteseid	Telemark	Nasjonalt
Lesing	50	50	50
Rekning	50	50	50
Engelsk	51	49	50

Resultat på nasjonale prøver for 8.trinn 2015-2016

Fag	Kviteseid	Telemark	Nasjonalt
Lesing	50	49	50
Rekning	51	49	50
Engelsk	47	49	50

Resultatet frå nasjonale prøver viser at Kviteseid ligg over eller på same nivå som landsgjennomsnittet i både lesing, rekning og engelsk, med unntak av engelsk på 8. trinn. Målet er å liggje på eller over nasjonalt nivå. Når ein vurderer resultatane på nasjonale prøver er det viktig å vite kven som deltek, og om det er gitt fritak for elevar.

7.7 Læringsmiljø / Elevundersøkinga

For alle indikatorane unnateke «mobbing», er det 5 som er høgaste score. Når det gjeld «Mobbing» bør talet vere nær 1,

Resultat, haust 2015-2016	7. trinn	10. trinn
Elevdemokrati	3,1	3,3
Vurdering for læring	3,4	3,7
Læringskultur	3,6	3,9
Meistring	4,0	4,0
Mobbing	1,2	1,3
Støtte frå lærarane	4,2	3,9

7.8 Kulturskulen

Visjonen er at alle som ynskjer det skal få eit tilbod i kulturskulen, og per i dag har alle elevar fått eit tilbod i løpet av året dei søkjer. Kulturskulen har 91 elevar. Det er 112 elevplassar. 15 elevar er over grunnskulealder. Kulturskulen sitt tilbod er innan områda musikk, dans og visuelt uttrykk. Innan musikk er det tilbod om piano, gitar, bass, slagverk, band, korpsinstrument, hardingfele, samt klassisk fiolin i samarbeid med Seljord kulturskule

Ein elev har i 2016 delteke på eit fordjupingsprogram innan folkemusikk felles for heile Telemark, koordinert av Bø kulturskule.

Ein elev fekk i 2016 Draumestipendet på 10000 kr
To elevar representerte Kviteseid og Telemark på UKM sin landsmønstring i Trondheim.

Det er skrive ei ny avtale mellom kommunen og Kviteseid Hornmusikk, og alle medlemmane i korpset er no elevar i kulturskulen. «Fargeband» - vaksne med særskilte behov, har eit tilbod i kulturskulen.

UKM - «Ung kultur møtast» og DKS - «Den kulturelle skulesekken» ligg under kulturskulen sitt ansvar.

Kulturskulane i Vest-Telemark har faste rektornettverk, og ein felles fagdag i året for alle lærarane. I 2016 søkte nettverket om stimuleringsmidlar til eit utvida samarbeid med fleire fagsamlingar der leiarar og lærarar jobbar på tvers av kommunegrensar med å implementere den nye rammeplanen «Mangfald og fordjuping» Det vart løyvd 50000 kr frå Kulturskulerådet til dette arbeidet som vil halde fram til 2018.

7.9 Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar å gje gratis undervisning i norsk og samfunnsfag til dei som i fylgje introduksjonslova har rett eller plikt på det. Kviteseid kjøper denne tenesta av Seljord kommune.

7.10 Felles handlingsplan:

Tiltak	Resultatindikator	Status
Sosial kompetanse	Barnehagane nyttar leiken som arena for barna sin sosiale utvikling.	Barnehagen har fokus på fri leik og organisert leik.
Arbeid mot mobbing	Barnehagane nyttar særskilt program i arbeidet med førebygging av mobbing.	Steg for steg og Start vert ikkje nytta systematisk lenger då programma er av eldre dato.
Språk og språkutvikling	I barnehagane er alt personale engasjert i arbeidet med å gjere barna gode til å uttrykkje seg munnleg, samt å førebu dei til leseopplæring.	Personalet deltek i kompetanseutviklingsarbeidet Språkløyper.
Tidleg innsats	Alle barn i førskulealder får tilbod om kartlegging i KoPS.(KOgnitiv Profil System). Ved behov får einsskilde barn særskilt oppfølging.	Alle førskulebarn er kartlagt i KoPS.
Utnytte kapasiteten i barnehagane best mogleg.	Barnehagekapasiteten er optimalt utnytta. Samarbeid mellom barnehagane om plass til søkjarane sikrar eit godt tilbod til brukarane.	Samordninga skjer i felles opptaksmøte. Særleg Kviteseid og Brunkeberg barnehagar samarbeider om søkjarane
Brukarmedverknad	Innan alle satsingsområda, er samarbeid mellom heim og barnehage/skule gjennomgåande tema.	Både skule og barnehagar har rutinar for foreldremøte, utviklingsamtalar, FAU og SU.
Kviteseidsskulane i Utvikling	Gjennom satsinga deltar Kviteseid skule i utviklingsarbeidet i samarbeid med Høgskulen i Telemark.	Gjennomført. Arbeidet må vidareførast og implementerast i dagleg drift.
Språkløyper, utviklingsarbeid	Gjennom nasjonal satsing for språk, lesing og skriving deltar Brunkeberg oppvekstsenter, skule.	Gjennomført. Frå hausten 2016 deltek alle barnehagane og 1.-4. klasse ved alle tre skulane.
Læringsutbyte	Det vert lagt vekt på fagleg utbyte og meistring for alle elevane i Kviteseidsskulane. Elevane sitt læringsutbyte syner ei positiv utvikling.	Score på elevundersøkinga på 4.0 for både 7. og 10. trinn
System for kvalitetsvurdering av grunnskulen etter oppl.§13-10.	System § 13-10 er revidert innan juni 2016.	System §13-10 med årshjul er fast sak på alle styrar-/rektormøta. Systemet er ikkje revidert.
Tilstandsrapport for skulen	Rapport er behandla i HOO innan oktober 2016.	Tilstandsrapporten vart behandla i HOO i november og i kommunestyret i desember
Klasseleiing og vurdering for læring i skulen.	Resultat i elevundersøkinga haust 2015 syner at elevane gjev høgare score enn 3,1 (av 5) på om dei får god fagleg rettleiing.	Scoren ligg på 4,2 for 7.trinn og 3,9 for 10. trinn i undersøkinga frå 2015
Samarbeidet mellom grunnskule og kulturskule	Halde fram med samarbeid mellom kulturskule og grunnskule gjennom utnytting av dei faglege ressursane som finst	Korps i skulen. (Kviteseid) Samarbeider om spesialrom.
Vaksenopplæringa, etter oppl.lov § 4A-2	Vaksenopplæringa etter oppl.lov § 4A-2 vert integrert i verksemda på dagsenteret frå august 2016.	Gjennomført. Krodock skule lagt ned august 2016

8 Samfunnsutvikling og teknisk drift

Ressursbruk i 2016

Eininga hadde ein stillingsressurs i 2016 på totalt 25,73 årsverk. Dette er ei reduksjon på ca 2 årsverk.

Eininga har ansvar for teknisk drift inkl. reinhald på kommunale bygg, eigedomsforvaltning, vegvedlikehald, brann og interkommunalt landbrukskontor, næring, kultur og bibliotek.

8.1 Nærings- og lokalsamfunnsutvikling

Kultur

Rapport handlingsplan 2016

<i>Tiltak</i>	<i>Resultatindikator</i>
<i>Samarbeide med eksterne aktørar om arrangement innan kultur så langt ressursane strekk til.</i>	<i>Aktivitet og attraktivitet</i>
<i>Stimulere lag og foreiningar om å søkje om eksterne midlar.</i>	<i>Alle lag og organisasjonar har kunne nytta seg av tilskotsportalen</i>
<i>Handsame søknader om tilskot til lokale kulturtiltak og fleire prosjekt. Mangfaldig kulturliv.</i>	<i>Framleis mange søknader om kulturmidlar</i>
<i>Saman med lag og organisasjonar gje dei eldre i kommunen gode kulturelle tilbod.</i>	<i>Det er søkt om eit tilskot via den kulturelle spaserstokk</i>
<i>Profileringsiltak for biblioteka i Vest-Telemark (eksterne midlar)</i>	<i>Profileringsiltaka er vidareført på web</i>
<i>Arbeid med webportalen for å legge betre til rette for publikum sin tilgang til biblioteket sine bøker og egne lån</i>	
<i>Samarbeide med skulen og skulebiblioteket</i>	<i>Samarbeidstiltaka er vidareført</i>
<i>Oppgradere IKT på biblioteket</i>	<i>Gjennomført.</i>
<i>Ættesoga og gardssoga på nett</i>	<i>Ingen tiltak satt i gang.</i>

Den kulturelle spaserstokken – det vart sendt søknad for andre gong på mange år.

Telemark fylkeskommune har overteke ansvaret, og innbyggjartalet på dei over 67 år ligg til grunn for tildelinga. I 2016 var det ikkje fokus på desse midlane, og det er bare delt ut eit tilskot.

Kviteseidhallen er populær og mykje brukt til ulike aktivitetar. Avtala med Kviteseid idrettslag om lengre opningstider på ettermiddag og kveldstid har vore eit godt tiltak som vart vidareført i 2016.

Kviteseid bygdetun. Kviteseiddagen i august vart arrangert som eit samarbeid mellom Kviteseid kommune, støttelaget, Vest-Telemark Museum og Kviteseid sanitetslag. Det er valt nytt styre for Kviteseid bygdetun. Styret har ansvar for spesielle aktivitetar på bygdetunet, og det er gjort ein god jobb i 2017.

Kulturpris. Kulturprisen for 2016 vart tildelt Kviteseid Jeger og fiskarlag. Prisen vart delt ut i februar 2017.

Kulturnettverk

Vi har eit administrativt kulturnettverk med 2-3 møte pr. år. I dette nettverket er biblioteksjefen, kulturskulerektor, næringssjefen og kommunalsjef for samf. utvikling og teknisk drift.

Biblioteket

Rådmannen gjorde framlegg i budsjettet for 2016 om å kutte i bokinnkjøpet på biblioteket med kr 20 000,- kroner. I 2015 vart det redusert i stillingane ved biblioteket. Dette fører til at tilboda ved biblioteket vert noko redusera for brukarane.

Kulturmidlar

Kommunen har ei viktig rolle som økonomisk bidragsytar til lag og foreiningar i tillegg til å støtte enkeltpersonar som driv kulturarbeid. Samarbeidet med lag og foreiningar i 2016 har vore bra.

8.2 Landbrukskontoret

Rapport handlingsplan

Delmål for planperioden:

Landbruksplanen har desse hovudmåla:

- Landbruket i kommunen skal medverke til utvikling og verdiskaping samstundes som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet.
- Det skal fokuserast på landbruket som ein totalleverandør av naturbaserte varer og tenester.
- Landbruket skal vere medspelar i ei aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.
- Kommunen skal ha ein landbruksadministrasjon med høg kompetanse som kan vere ein aktiv støttespelar for enkeltbønder og næringsorganisasjonane.

Tiltak	Resultatindikator
<i>Fortløpande oppdatering av og retting av feil i AR5, landbruksregister, matrikkel og jordregister og oppdatering av areal- og eigedomsregister i jaksamanheng i samarbeid med plankontoret, Fylkesmannen og Institutt for skog og landskap.</i>	<i>Jordregister og kart oppdatert i 2016 .</i>
<i>Skogbruksplanlegging i Kviteseid oppstart i 2015 ferdig i 2017.</i>	<i>Skogbruksplanlegging for Kviteseid er i gang i samsvar med plan. skal vera ferdig i 2017.</i>
<i>Følgje opp foryngingsplikta i skogbruket med heimel i berekraftforskrifta</i>	<i>Det vart gjennomført 15 kontrollar i 2016</i>
<i>Aktiv bruk av rentemidlar og nærings- og miljøtilskot. Hovudsak å finne eigna fagperson til faghjelp. Må samarbeide med Tokke og Seljord.</i>	<i>Auka skogkulturaktivitet.</i>
<i>Delta i EU sitt vassdirektivprosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre.</i>	<i>Arbeidet med å følgje opp vedteken plan med tiltaksdel er i gang.</i>
<i>Ajourhald og oppdatering av hjorteviltregisteret Følgje opp vedteken hjorteviltplan</i>	<i>Areal- og eigarlistar oppdaterast fortløpande. Rådyr- og bevervald er lagt inn i</i>

	<i>hjorteviltregisteret.</i>
<i>Følgje opp buplikt på landbrukseigedomar og saker som gjeld nedsett konsesjonsgrense – sikre gode rutinar for å oppdatere av registera.</i>	<i>Oppdaterte register.</i>
<i>Følgje opp vedteken landbruksplanen for perioden 2014-2017. Oppfølging av Telemark fylkeskommune si landbruksmelding.</i>	<i>Gjennomføre tiltaksdelen i perioden</i>

Utviklinga i næringa over tid

TABELL MED NØKKELINDIKATORAR	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Produksjonstilskot jordbruk, husdyr (søkarar)	38	38	38	36	36	35
Produksjonstilskot jordbruk, areal (søkarar)	68	69	70	70	67	62
Miljøtiltak i jordbruket (1000 kr) (SMIL)	410	321	614	506	*200	190
Tilskot til skogbruket (1000 kr)	922	417	467	767	681	501
Løyvde BU midlar (1000 kr)	0	4150	1678	210	0	1100

Tabell: Nøkkeltal for utviklinga av landbruket. *SMIL-ordninga blei endra og redusert i 2015.

Avverkinga i skogbruket har stabilisert seg på kring 30.000 m³ per år dei siste 5 åra. I 2016 vart det avverka 26 929 m³. Til samanlikning vart det avverka om lag 40.000 m³ på slutten av 1990-talet. Både planting etter hogst og nybygging/opprusting av skogsvegar vert utført tilfredstillande.

Arbeidet med vassområdet Midtre Telemark og Nideleva held fram. Det har vore møteverksemd og landbrukskontoret har delteke aktivt. Tiltak som vil få betydning for kommunen er utslepp frå privat kloakk, oppgradering av leidningsnettet, stoppe spreieing av uønska artar, redusere avrenninga frå landbruket og fjerning/utbetring av fiskevandringshindring. I første omgang må ein kartlegge omfanget og storleiken på problema.

Vilt

Oversikt over viltpåkøyringar, felling av skadedyr og anna felling av elg

	2008	2009	2011	2013	2014	2015	2016
Kollisjon med bil	4	7	8	3	1	4	3
Felt som skadedyr			2				
Sjukdom, skader, andre årsaker	7	9	5	1	6	8	8
Sum	11	16	15	4	7	12	12

Tabell: Avgang på elg utanom ordinær jakt i perioden 2008-2016

I 2016 var det totalt 5 elgar og 9 rådyr som blei påkøyrte av bil. Kommunen har ansvaret for å ta seg av påkøyrte og skada hjortevilt utanom ordinær jakt. I tillegg skal kommunen også vurdere og eventuelt felle hjortedyr og bever som gjer skade. Andre tiltak skal vera vurdert og prøvd før kommunen gjennomfører skadefelling. Det blei brukt til saman om lag 16 dagsverk til ettersøk av skada vilt og arbeid med fallvilt i Kviteseid kommune i 2016.

8.3 Teknisk drift og VAR

Teknisk drift leverer sentrale tenester og syter for god infrastruktur både til innbyggjarar, fritidsinnbyggjarar og egne driftseiningar.

Avdelinga starta året utan kommunalsjef og ingeniørar. Dette var ei utfordring for Kviteseid kommune.

Frå januar 2016 fekk avdelinga igjen ein arbeidsformann for uteavdelinga.

Ny avdelingsingeniør var på plass i mai og kommunalsjef kom på plass i august.

Sommaren 2016 hadde me fire sommarvikarar i alderen 16-22 år. Dei var til god hjelp og plenklypping og anna førefallande arbeid for uteavdelinga. Det er positivt og viktig å kunne tilby sommarjobb for ungdom frå Kviteseid. Gjennom heile året har uteavdelinga hatt personar på arbeidstrening via NAV.

Kommunale bygg og kommunale vegar har i ei årrekke hatt knappe ressursar, og slit no med store etterslep på vedlikehaldet. Konsekvensane er at det vert dyrare når ein skal gjere noko. Vedlikehaldsbudsjettet krev at ein prioriterer strengare i bruken av pengane, det vert difor vanskelegare å tilfredstille burkarane sine forventningar. Vidare gjev klimaendringane store utfordringar på vegar og anlegg. Kommunen må ha vegar som m.a. kan tole endringane i nedbørsmengd. Fast dekke på kommunale vegar er eit mål.

Kommunen arbeider for å oppretthalde sikker og god vassforsyning, og ha eit funksjonelt avløps- og renovasjonssystem. Grunna etterslep på vedlikehaldet har me hatt to større lekkasjar på vassleidningar i 2016 – ein i Morgedal og i Kviteseid.

I Vrådal vart det lagt ny sjøleidning for vatn frå Vrådal. Vidare vart vassleidningen i sentrum lagt om og under den nye gs-vegen langs R38 fram til krysset ved fotballbanen.

Kommunen selde «prestebustaden» i Midtsundvegen 7, sommaren 2016.

Kommunen sin kontakt med Vest-Telemark brannvesen skjer gjennom teknisk drift, og ansvaret for beredskapsstyrken ligg framleis lokalt. VTBV prøvar å få til gode og realistiske øvingar for røykdykkane.

Fleire frå brannpersonellet har gjennom året delteke på grunnkurs og vidareutdanning.

Tabellen under viser tal og type utrykkingar for brannvesenet i Kviteseid:

Brannutrykkingar	2014	2015	2016
Bilberging E-134	5	5	5
Bilberging elles	5	3	5
Midtsundtoppen	4	2	3
Brann	2	6	4
Skogbrann	0	3	5
Pipebrann	0	1	0
Andre - ABA	5	4 +8	12
Kansellert	2	1	0
Totalt	23	33	34

Tabell: Brannutrykkingar

Tabellen fortel oss at det lokale brannvesenet har utfordringar med mange utrykkingar til bilulykker; ofte på E-134 og Rv 41 som er dei mest trafikkerte vegane gjennom kommunen.

Tiltak	Resultatindikator
Gjennomføre prosjekt som gjeld teknisk drift i investeringsbudsjettet for 2016. Sikre at den økonomiske ramma er stor nok og at administrasjonen og politikarane er klar over kva som er bestillinga på kvart prosjekt.	Kviteseid brygge vart ferdig til sumaren 2016. Bygging av omsorgsbustadene vart start opp hausten 2016. Likeins vart saneringsplan Vrådal sett i gang hausten 2016.
Gjennomføre prioriterte tiltak etter vedlikehaldsplan for kommunale bygg	
Utarbeide eit opplegg for å marknadsføre ledige tomter på kommunen si heimeside	Ikkje gjennomført
Vurdere privatisering av kortare kommunale vegar og plassar	Saka vart lagt fram, men sendt tilbake. Framleis ikkje ferdighandsama.
Bli dyktigare på å dokumentere og vere bevisste kring avvik i kvalitetssystemet og HMS-systemet	Vi er flinke til å skrive avvik. Vi er ikkje like flinke til å dokumentere gjennomførte tiltak for å lukke avvik.
Vidareføre opplæringsprogram for det frivillige brannvesenet i regi av Vest-Telemark brannvesen.	.
Følgje opp føresegnene for vatn og avløp	Gjennomført
Delta i offentleg forskning og utviklingsprosjekt med NC-Spectrum AS innan tema sikring av kritisk infrastruktur og VA i Kviteseid kommune	Prosjektet er i arbeid.
Sikre god internkontroll og opplæring innan økonomi og sakshandsaming	Stor utskifting har ført til stort behov for opplæring.

8.4 Nøkkeltal for teknisk drift

Tabellen nedanfor syner utviklinga i ein del nøkkeltal for teknisk drift. Me ser at talet på abonnentar innan VAR aukar over tid som følgje av bygging av hus og hytter.

	2009	2010	2012	2014	2015	2016
Abonnentar vatn	1 130	1 190	1284	1354	1389	1408
Abonnentar avløp	981	1 036	1123	1199	1232	1257
Abonnentar renovasjon	2 090	2 148	2263	2364	2424	2454
Abonnentar feiing (tal på pipeløp)	1 322	1 329	1325	1361	1402	1396
Tal på bustader for utleige	52	52	52	52	50	49
Brann og utrykkingsvern: Utrykkingar per 1 000 innbyggjar	9,0	18	12,8	9,3	13,4	13,8

9. NAV

NAV Kviteseid var bemanna med 2,8 statlige stillingar der 50% av ei av stillingane blei finansiert av kommunen. Kontoret var bemanna med 2,0 kommunale stillingar. Leiar si 100% stilling, som er statleg, var delfinansiert av kommunen med 40%. Kontoret hadde eit lågt sjukefråvær på kommunal side, samstundes som det var høgt på statleg side. Sosialtenesta i kommunen bruka mindre pengar per innbyggjar enn gjennomsnitt for landet og fylket, men var på nivå med resten av regionen. (vedlegg 1.) På kommunal side var den største utfordringa å få færre innbyggjarar som er/blir avhengig av sosialstønad, og å få ned tidsperioden den enkelte er avhengig av denne. Frå den 01.09.16 blei NAV kontoret omorganisert, det tyder at NAV kontoret i Kviteseid frå då har dei kommunale tenestene sosialstønad, økonomisk rådgjeving/gjeldsrådgjeving, kvalifiseringsprogram og midlertidig bustad. 60% stilling og dei andre tenestene ein hadde fram til då ble flytta over til kommunen sitt Tenestekontor.

Handlingsplan:

Mål 1: *Tilby betre service til arbeidsgjevarar/næringslivet ift rekruttering, informasjon, oppfølging av sjukemeldte m.m., og finne betre løysingar for innbyggjarar som vil ha behov for arbeidspraksis.*

Tiltak	Resultatindikator
<i>Ha kontakt med minst 10 lokale bedrifter pr mnd. for utveksling av informasjon.</i>	<i>Tal på bedriftskontakter pr måned. Resultat synleg i statistikk. Ikkje oppnådd målet.</i>
<i>Raskt tilbakemelding til arbeidsgjevarar som har meldt behov for arbeidskraft.</i>	<i>Tilbakemelding seinast neste dag, om ikkje anna er avtalt. Respons på ønskje om kontakt synleg i statistikk. Oppnådd målet.</i>
<i>Rask tilbakemelding til arbeidsgjevarar som har spørsmål, t.d om oppfølging og tilrettelegging for sjukemeldte.</i>	<i>Tilbakemelding seinast neste dag, om ikkje anna er avtalt. Respons på ønskje om kontakt synleg i statistikk. Oppnådd målet</i>

Mål 2: *Medverke til raske og gode avklaringar og løysingar for innbyggjarar med sjukemelding eller arbeidsavklaringspengar.*

Tiltak	Resultatindikator
<i>Avtale møte for avklaring og opplæring av nye legar ved legekantoret</i>	<i>Ny lege skal ha hatt møte med NAV innan 2 veker etter oppstart. Delvis oppnådd målet.</i>
<i>Avtale faste samarbeidsmøte med personellet ved legekantoret, vår og haust.</i>	<i>Skal ha gjennomført samarbeidsmøte før utgangen av juni og utgangen av året. Oppnådd målet.</i>
<i>Avtala faste oppfølgingsmøte med sjukemeldarar i enkeltsaker annakvar veke.</i>	<i>Gjennomført møte på legekantoret annakvar tysdag. Ikkje oppnådd målet da tiltaket blei endra tidleg på året.</i>
<i>Arbeide for at spesialisthelsetenesta, spes. DPS, deltek på dialogmøte i enkeltsaker</i>	<i>DPS er representert i avklaringsmøte der psykiatri er viktig grunn til sjukemelding. Oppnådd målet.</i>

Mål 3: Arbeide for å gjere innbyggjarar mindre avhengig av sosialstønad, spes. ungdom.

Tiltak	Resultatindikator
God oppfølging av brukarar som ikkje har arbeid eller går på statleg støtteordning.	Utbetalt sosialstønad i 2016 skal vera mindre enn nivået for same periode i 2015.
Minke tidsperioden den enkelte er avhengig av sosialstønad.	Jamføre kvar månad med same periode i 2015. Ikkje oppnådd.

10. Interkommunalt samarbeid

10.1 Barnevernstenesta

Ved utgangen av året hadde vi tilsette i 13 stillingar. Dette er 1,1% stilling vakant i høve til heimlane vi har. Dette pga at vi har hatt sjukemelding over tid, samt vanskar med å rekruttere. 10,40 til saksbehandling inkludert leiar og fagleiar, 0,8 støttefunksjon og 1,8 tiltaksarbeid. 2 stillingar er finansiert med statlege overføringar. 0,2 stilling støttefunksjon står vakant som eit innsparingstiltak. Vi har auka tiltaksstilling med 50% og redusert sakshandsamarstilling tilsvarande for å gjennomføre mellom anna forpliktelsane kommunane har inngått i høve TIBIR- programmet. I sum bruka vi 1,8 stilling på tiltaksarbeid.

Handlingsplan:

Tiltak	Resultatmål
Å bli meir treffsikre på tiltak	95% av undersøkingane innan 3 mnd 98 % er gjennomført innan 3 mnd 90% av barn med tiltak skal ha utarbeida plan 96% har utarbeidd plan 90% skal fylle krav til evaluering 96% fyller krav til evaluering
Auke barns medvirkning	Samtale med alle barn i undersøkingar. Samtale med alle barna vi har tiltak.
Bruke eigne tiltak og søke samarbeid med andre om lokale tiltak	Auke bruk av CosP og PMTO og foreldrerådgivingsprogrammet. Samarbeide med andre om lokale tiltak som gjev effekt. COS-P veiledning eller foreldrerådgivningsprogram til 16 foreldre/-par. PMTO veiledning til 12 foreldre/-par. Miljøarbeidar/veiledning blei gitt til 46 foreldre/-par Fleire kommunar gjev COS-P eller anna veiledning som lågterskeltilbod.
Gjennomføre tidleg intervensjon for barn i risiko, TIBIR	Det blei fullført opplæring i foreldreveileदारar i kommunane som deltek i Tibir.10 personar fullførte opplæringa. 1 tilsett i bvs gjennomførte foreldrerådgivar opplæring og 1 gjennomførte sosialferdighetstrenar opplæring.
Å ha eit godt samarbeid med andre kommunale tenester	Fylgje opp samarbeidsavtala med barnehagane Vi gjennomførte eit felles møte med alle styrarane Delta i tverrfaglege samarbeidsfora Vi deltok i ulike samarbeidsfora i alle

	<p>kommunane</p> <p><i>Dialogmøte med rektorane, helseteneste og NAV</i></p> <p>Vi gjennomførte dialogmøte med alle rektorane, helsestasjonane, psykiatritenesta, DPS Seljord og BUP.</p> <p>Vi klarte ikkje å gjennomføre dialogmøte med NAV.</p> <p>Vi deltok på møte med psykiatritenestane / DPS og på møte med alle tannlegane i Vest Telemark.</p> <p>Vi deltok på opplæring av flyktningar vis introduksjonsprogrammet i to kommunar.</p>
Å ha eit godt arbeidsmiljø	<p>Å ha låg del av sjukefråvær relatert til arbeid</p> <p>Det er ikkje rapportert om sjukefråvær knytt til arbeidsmiljø</p> <p><i>Alle skal ha medarbeidersamtale.</i></p> <p>Det blei ikkje gjennomført medarbeidersamtaler fordi vi hadde bytte av leiar og meinte det var viktig at ny leiar skulle gjennomføre dette.</p> <p>Vernerunde er ikkje gjennomført fordi vi var i full gang med flytteprosess og at det var meir relevant å vente til vi var på plass i nye lokal.</p> <p><i>HMS som fast tema på personalmøte</i></p> <p>HMS er tema på personalmøte</p>

Aktivitetstal frå barnevernstenesta målt i tal på meldingar:

Kommune	Melding 2016	Melding 2015	Lagt bort 2016	Lagt bort 2015	Start Undersøking 2016	Start undersøking 2015
Seljord	33	38	4	4	29	34
Kviteseid	17	17	0	1	17	16
Nissedal	7	15	1	2	6	13
Fyresdal	5	12	0	2	5	10
Tokke	13	21	2	4	11	17
Vinje	27	23	4	2	23	21
Sum BVS	102	126	11	15	91	111

2016 har talet på meldingar gått ned med 19%. Få meldingar blir henlagt og det har vore 18% nedgang i undersøkingar. Flest meldingar kom frå politi, barnevern/barnevernvakt, foreldre, skule, helse og psykiatri.

Pr 31.12.16 har vi 14 barn under omsorg. Vi har 9 barn frivillig plassera. 2 av desse er plassera på institusjon. Alle fekk lovpålagde oppfølgingsbesøk. I tillegg var 2 barn akutt plassera for ein kortare periode i løpet av 2016. I løpet av 2016 var i alt 25 barn plassera utanfor familien. Vi har 4 barn som er over 18 år som vert fylgd vidare opp via fosterheim eller anna tiltak.

Vest Telemark har 30 tilsynsbarn i fosterheim.

2 barn blei akutt plassert utan samtykke frå foreldra. Fylkesnemnda stadfesta vedtaka. Barnevernet beslutta tilbakeføring av eit av barna då situasjonen stabilisera seg. 1 barn blei flytta til ny fosterheim. Saka vart klaga inn for Fylkesnemnda. Barnevernet fekk medhald i

nemnda. Denne saka vart anka til tingretten. 3 barn blei akutt plassert etter samtykke. 4 barn fekk saka behandla i fylkesnemnda og 2 ankesaker blei behandla i Tingretten. BVS fekk medhald i alle sakene.

Kommunane Kviteseid, Seljord, og Fyresdal har hatt høgare utgifter til barneverntiltak enn opprinneleg budsjett. Det er hovudsakleg tiltak utanfor heimen eller institusjonsopphald som er årsaka til dette. Kommunane Vinje og Nissedal hadde eit mindreforbruk i høve budsjett.

10.2 Samhandlingskoordinatoren i Vest-Telemark

Samhandlingskoordinator for Vest-Telemark Sissel Jacobsen Bitustøyl
Arbeid med samarbeidsavtaler mellom STHF og kommunane i Telemark

Arbeidsgruppa har hatt 5 møte og styringsgruppa har hatt 4 møte.

Etter behov er 7 samarbeidsavtalene vidareutvikla og revidert i 2016.og underskrive av rådmenn og sjukehusdirektør.

Prosjektet har oppnådd eit stabilt KOLS-nettverk i kommunane. Prosjektet er finansiert av STHF og avslutta i 2016. For 2017 freistar ein å vidareføre KOLS arbeidet og nettverket i den ordinære drifta til STHF og kommunane.

Fastlegeforum i VT 2016

Møta er godkjent av Dnlf med poeng til spesialisering innan allmenntmedisin. Sjukehuset Telemark møter legane i Vest-Telemark og tek opp ulike tema. Vi har hatt 7 ulike tema i 2016.

Palliasjonsprosjektet i Telemark

Prosjektperioden blei avslutta i 2016 og blir vidareført i drift som eit spleiselag mellom sjukehuset og kommunane i Telemark. Vest-Telemark kommunane har nytta teamet mykje i høve til at kreftsjuke har kunna avslutta sine dagar i heimkommunen.

Samarbeid om psykisk helse og rus, ØHD-plassar og psykologteneste i VT

"Kick-off" på Straand Hotell med 40 deltakarar starta arbeidet i juni 2016. Øyeblikkeleg hjelp døgnplassar for kommunane er på plass og avtaler er underskrivne. Arbeidet held fram i 2017 med å sjå på felles satsing og psykologteneste. Eit arbeid saman med STHF og Borgestad om å etablere fagdagar for tilsette innan rusfeltet i Vest-Telemark kjem i gang i 2017.

Jordmor (Vinje, Tokke, Seljord, Kviteseid, Fyresdal)

Politisk vedtak om meir samarbeid rundt jordmortenester. Gruppa har hatt arbeid hausten hausten 2016 og avsluttar arbeidet vår 2017.

Felles høringsuttaler:

Samhandlingskoordinatorane har laga felles uttaler for alle kommunane i Telemark:

- *NOU - Først og fremst*
- *Primærhelsemeldinga*
-

Sjekkliste inn- og utskrivning frå sjukehus

Samhandlingskoordinator har laga sjekkliste i lommeformat for tilsette på sjukehusa og kommunane i Telemark i samband med avtalte rutinar.

Kurs frå SIM-senteret på STHF i samband med pilot Seljord

3 legevakter i Telemark (Seljord, Notodden og Porsgrunn) har gjennomgått eit kurs og trening som omhandlar opplæring av tilsette slik at dei kan undervisning lokalti akuttsituasjonar. Kurset vil bli vidareført til alle kommunane i Telemark.

10.3 Plankontoret

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling, byggesaksbehandling og utsleppssaker. Nissedal kommune er vertskommune for tenesta. Kontoret har disponert 5,63 årsverk til desse tenestene i 2016.

Overordna målsetjingar:

- Kommunen sine planverktøy skal til ei kvar tid vere oppdatert.
- Kommunen skal dekke etterspurnad av aktuell kartfesta informasjon.
- Alle plan-, oppmålings- og byggesaker skal behandlast innanfor kva lova set som maksimal frist.
- Kommunen sitt hovudmål om folketalsvekst skal aktivt understøttast ved planlegging av gode bumiljø.
- Samfunnstryggleik og beredskap skal leggest til grunn i arealplanlegginga.
- Oppfølging og kontroll av gjevne utsleppsløyve for avlaupsvatn.

Handlingsprogram 2016– tiltak	Resultat
<i>Rullere arealdelen til kommuneplanen</i>	<i>Samfunnsdelen i kommuneplanen blei ikkje rullert i 2016. Det vil vere unaturleg å rullere arealdelen før samfunnsdelen. Dette er difor ikkje gjort.</i>
<i>Ferdigstille digitalt planregister</i>	<i>Dette arbeidet er godt i gang, men arbeidet er ennå ikkje slutført slik målsetjinga er; Ei digital innsynsløysing for publikum. Arbeidet må kvalitetssikrast betre før dette blir ein realitet.</i>
<i>Fullføre adresseringa av kommunen</i>	<i>Alle vegparsellar som ikkje hadde formelle vegnamnvedtak har nå fått det. Oppsitjarane er tildelt vegadresser i samsvar med vedtaka.</i>
<i>Yte god service gjennom rask og god sakshandsaming</i>	<i>I ei oppmålingsforretning er det brot på lovfastsett behandlingsfrist. Alle andre saker er behandla innom høvesvis 3-, 12- eller 16-vekers-fristane.</i>
<i>Gjennomføre infomøte for priv. aktørar innom byggesak</i>	<i>Det er ikkje halde slikt infomøte. I staden ligg det ute gode eksempel-søknader på kommunens heimeside, noko som har synt seg å gje positiv effekt. Endringane i plan- og bygningslova 01.07.15 er også grundig omtala der.</i>
<i>Gjennomføre tilsyn i byggesaker</i>	<i>Det er utført eitt slikt tilsyn i 2016.</i>
<i>Kontroll av utsleppsløyve</i>	<i>Det er ikkje gjennomført slike kontrollar i 2016.</i>

Det er gjort 84 delegerte vedtak i byggesaker og det er etablert 50 nye grunneigedomar i Kviteseid i 2016. Elles er mellombelse kartforretningar redusert ytterlegar frå 11 til 6. Nokre av dei som nå står igjen, er meir kompliserte saker der det kan bli nødvendig med rettsleg

behandling (jordskifteretten) før sakene kan avsluttast. Det er ikkje vedtatt nye arealplanar i kommunen i 2016.